



Sunnfjord  
kommune

# LANDBRUKSPLAN

SUNNFJORD KOMMUNE

2025-2035





# Sunnfjord kommune

Sunnfjord kommune 2024


Redaktør: Joar Helgheim

Arbeidsgruppa: Joar Helgheim, Oddbjørn Sellevoll,  
Ola Kvaal, Astrid Marie Vie og Trond Ueland

Tekst og tekstomarbeiding: Janne Karin Støylen, Svidal skriveri

Framsidedfoto: Janne Karin Støylen


Grafisk utforming: Kristin Gjelsvik, VOOKAL AS



# LANDBRUKSPLAN

## SUNNFJORD KOMMUNE


### 2025–2035



**Landbruket i Sunnfjord skal oppretthalde produksjonen av mjølk og kjøtt gjennom auka investeringar og modernisering av produksjonen. Jordbruksarealet skal ikkje reduserast.**

**Både fulltidsbonden og deltidbonden er vesentlege for ei livskraftig landbruksnæring.**

**Gode fagmiljø, verdiskaping i landbruksrelaterte næringar og gode bumiljø i grendene kviler på eit levande landbruk.**







# INNLEING

I grøderike dalar under breen har jorda i Sunnfjord vore lun og lett å dyrke heilt sidan folk først slo seg ned her. Langs det rennande vatnet røyste vi gardar og bygde grender. Åkrane kring tuna var små og teigdelte, men dalane og viddene var endelause.

Vi kunne dyrke korn og halde husdyr.

Slik kom husdyrhaldet og mjølkebruka til å bli berejkelken i landbruket i Sunnfjord, den største landbrukskommunen i Vestland.

Natt og dag finn vatnet vegar frå bre til fjord. Natt og dag vaktar bøndene over kyr som skal kalve, gras som skal spire. Avlinga må bergast i hus før regnet kjem, sauene må hentast i fjellet før snøen fell.

Klimaendringane er blitt ein del av arbeidskvardagen, både i skogen, på bøen og framfor skjermen. I tillegg kjem nye krav til fjøsane og nye krav til maskinene. Ein nabo gir seg i år, ein nabo gav seg i fjor.

Natt og dag renn arbeid og ansvar gjennom bonden, gjennom nevane og gjennom tankane.

Landbruket står framfor store utfordringar og krav til

omstilling, men utfordringane gjeld ikkje for landbruket aleine. Klimaendringar, naturtap, internasjonal uro og usikre forsyningslinjer vedkjem oss alle. Å sikre nok og trygg mat til befolkninga er landbruket sitt samfunnsansvar, men kva vilkår skal gjelde for bonden si samfunnskontrakt?

Gjennom temaplan landbruk vil vi samle dei som ønskjer å medverke til å utvikle ei livskraftig landbruksnæring i Sunnfjord framover. Saman skal vi arbeide for at vi skal ha ei berekraftig og mangfaldig landbruksnæring, ei næring som vil halde fram med å forgreine seg i form av livskraftige bygdesamfunn, arbeidsplassar, beredskap, verdiskaping, opplevingar og tryggleik.

Så samansette og avgjerande er oppgåvene landbruket løyser i sunnfjord-samfunnet.

Temaplanen svarar på eit tverrpolitisk ynskje om å sikre eit landbruk som kan halde fram å levere slike verdiar for fellesskapen vår. Difor legg planen opp til å synleggjere desse verdiane, formidle kunnskap om korleis dei vert skapte og setje denne verdiskapinga inn i ein større samanheng på tvers av næringar og sektorar.



## SLIK LES DU PLANEN

I kvart kapittel vil ein først kunne lese seg inn i ein tematisk bakgrunn og i eit kunnskapsgrunnlag. Deretter kastar planteksten lys over kva som er status for dette temaet i Sunnfjord kommune, før ein formulerer prioriterte strategiar for å sikre ei god utvikling på dette området. Kvart kapittel vert avslutta med det vi har kalla «Bondeforteljingar». Dette er korte intervju som belyser temaet frå ulike ståstader.

Temaplan landbruk vektlegg å formulere prioriterte strategiar kring utfordringar som peikar seg ut som spesielt viktige for å sikre ei livskraftig landbruksnæring framover.

**Slik kan ein lese planen som ein retningsgjevande reiskap for heile arbeidslaget kring landbruksnæringa.**

Kunnskapsgrunnlaget kan setje oss i stand til å samle oss om kva for tiltak vi i fellesskap meiner vil gje den utviklinga vi ynskjer for landbruket i Sunnfjord kommune.

### **EIT LANDBRUK SOM GJEV OSS**

**TRYGGLEIK for mat, hus og varme,  
ein god stad å bu og leve.**

**TRYGGLEIK for ei grøderik framtid  
for borna våre og deira born att.**

**TRYGGLEIK for bonden. I dag og i morgon.**

## Samandrag:

# LANDBRUK I LANDET MELLOM ELVANE

Som den største landbrukskommunen i Vestland er Sunnfjord i posisjon til å ta ei leiande rolle i utviklinga mot berekraftige mat – og skogsystem i framtidslanbruket. Sunnfjord kommune har flest jordbruksforetak i Vestland fylke med god margin. Kommunen er på topp ti lista over mjølkeproduksjon i landet. Optimismen er sterk og samhaldet er godt, noko som syner att i ei investeringsvilje som ikkje har vore større sidan 1970-talet.

Medan denne første temaplanen for landbruk i nye Sunnfjord kommune vert ferdigstillt er heile nitten nye fjøsar på skisseblokka kring om i kommunen. Samstundes er avverkninga av skog på eit historisk høgt nivå og det same gjeld prisane på tømmer.

Andre dagsaktuelle perspektiv er meir krevjande. I ei verd med klimaendringar, internasjonal uro og auka kostnader, står lanbruket likevel fram som ei næring som kan, vil og må løyse fleirfaldige oppgåver i samfunnet i framtida.

Korleis kan landbruksnæringa i Sunnfjord bli ein del av løysinga på dei utfordringane vi har i vente?

Temaplan for landbruk er bygd opp kring ein struktur som gjer oss betre kjende med heile lanbruket i kommunen, frå små skulehagar til store samdriftsfjøs. Planen kan lesast som invitasjon til samhandling og arbeidsdeling kring felles visjonar for framtidslanbruket i Sunnfjord.

Første kapittel skildrar lanbruket sitt samfunnsoppdrag. Med utgangspunkt i verdiskapinga i lanbruksnæringa i dag ser planen nærare på føresetna-

dane for at sunnfjord-bonden skal kunne produsere berekraftig, trygg og sunn mat av høg kvalitet i framtida. I eit klimatilpassa og klimavenleg landbruk må fôrproduksjonen aukast på lokale ressursar. Matproduksjonen må styrkast i heile kommunen. Alt frå første kapittel vert erkjenninga av at lanbruket er ei sirkulær og kretslaupsbasert næring der fotosyntesen er grunnlaget for alt som vert hausta og produsert, lagt fram som ein raud tråd gjennom planen.

Temaplan landbruk set bonden høgt og syner interesse og forståing for at arbeidet står i ei særstilling både for den enkelte bonde og i fellesskapen vår. I andre kapittel ser planen nærare på kva som skal til for at sunnfjord-bonden skal ha trygghet for eiga helse, inntekt for eige arbeid og både ha rett til og høve til ferie, fritid og familieliv på lik linje med andre. Her inviterer temaplanen heile sunnfjord-samfunnet til å skaffe seg innsikt i lanbruket sine samfunnskritiske og samfunnsbyggjande funksjonar og verdsetje bonden sitt arbeid.

– Snart må både Statsministeren og Kongen seie det til oss: Landet vårt treng folk som kan å dyrke jorda og stelle dyra. Rektor ved Førde vidaregåande





**Snart må både Statsministeren og Kongen seie det til oss: Landet vårt treng folk som kan å dyrke jorda og stelle dyra.**

Rektor ved Førde vidaregåande skule, avdeling Mo, Liv Horvei.

skule, avdeling Mo, Liv Horvei, seier det slik i ei av dei mange «bondeforteljingane» i planen. Tredje kapittel utforskar kva som skal til for at sunnfjord-landbruket skal kunne ha eit godt omdøme med høg kompetanse og god rekruttering i framtida. Her er gode løysingar for drifta i møta mellom erfaringsbasert, handboren kunnskap og oppdatert fagkunnskap mellom strategiane.

Å telje dei store og positive ringverknadane landbruket skaper er som å telje stjerner på himmelen. Likevel treng vi meir kunnskap om verdiskapinga i og kring næringa, slik som den heilskaplege verdien av at sunnfjord-bonden investerer i garden sin på måtar som gjev sikkerheit for oppdrag og tenesteyting til lokalt næringsliv eller verdien av at sunnfjord-landbruket sikrar stabil og tilpassa råvareinngang til landbruksrelatert industri. Dette er tema i kapittel fire. Kapittelet vert oppsummert i ein strategi om å utvikle eit overordna samfunnsrekneskap for landbruket i Sunnfjord kommune, som den første i landet.

I femte kapittel ser planen nærare på mangfaldet i næringa. Sunnfjord-bonden må få høve til å finne drivkrafta til verdiskaping i landbruket i sine egne



motiv og interesser. Sunnfjord-landbruket har bruk for både tradisjonell og nyskapande næringsverksemd knytt til naturgjevne, kulturelle og menneskelege ressursar på gardsbruka. Dette gjev varierte høve til å delta i landbruksrelaterte gjeremål og aktivitetar for innbyggjarar i alle aldersgrupper og på tvers av generasjonane i heile sunnfjord-samfunnet, slik planen syner døme på.

I sjette og siste kapittel oppsummerer planen visjonar og strategiar for landbruksnæringa i eit heilskapsperspektiv. Sunnfjord-landbruket må forvaltast både med omsynet til berekraftig matproduksjon og levande bygdesamfunn for auge. I sunnfjord-samfunnet treng vi møteplassar og metodar for å styrke grenene som bumiljø gjennom eit tett samspel med landbruket, også slik at det offentlege tenestetilbodet kan oppretthaldast.

Planen inviterer til samhandling og arbeidsdeling også ved at dei prioriterte strategiane vil bli fylgde opp gjennom ein årleg tiltaksplan, der oversikta over søknadsordningar sist i planen vonleg kan vere med å gje sats til arbeidet.

## Oppsummering:

# PRIORITERTE STRATEGIAR

## KAPITTEL 1: SAMFUNNSOPPDRAGET

Halde fram arbeidet med å legge til rette for investeringar og modernisering av landbruksproduksjonen i Sunnfjord kommune, gjennom samarbeid med Storfeprojektet og rådgjevingstenestene elles. Omlegginga frå båsfjøs til lausdrift i mjølkeproduksjonen skal ha høg prioritet, men moderniseringa må også omfatte dei andre produksjonane. Både fulltidsbønder og deltidsbønder skal ha tilgang til gode rettleiingstenester i Sunnfjord. Det skal leggst til rette for å rekruttere fulltidsbønder for større driftseiningar, men også å rekruttere deltidsbønder til mindre bruk for å skape eit godt fagmiljø i næringa og gode bumiljø i grendene. I skogbruket skal rettleiingstenesta bidra til å auke kunnskap og kompetanse om skogbruket i samarbeid med aktørane i næringa.

Verdiskapinga frå skogen kan aukast, samstundes

som vi skaper ein robust framtidsskog som utnyttar potensialet skogen har som klimatiltak. I den samanheng er det viktig å sikre at alle grunneigarar tingar og nyttar ny skogbruks-/miljøplan. I samsvar med kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen arbeide for arealnøytralitet og jordvernet skal ha prioritet. Beitenæringa utarbeider ein beitebruksplan i samarbeid med kommunen og andre relevante aktørar.

Berekraft i landbruket har overordna prioritet. Strategiar for berekraft i næringa må sjåast i samanheng med resten av kommunens planverk og strategiar, slik som kommuneplanens arealdel, klimaomstillingsplanen, strategisk næringsplan for Sunnfjord kommune.

## KAPITTEL 2: SAMFUNNSKONTRAKTEN

Etablere «Bondens nettverk» i Sunnfjord gjennom eit samarbeid med Norsk Landbruksrådgjeving Vestland, landbrukstenestene og andre aktuelle aktørar.

Initiere og støtte opp om prosjekt og tiltak som aukar

tilgangen til avløyssarar for bønder i Sunnfjord, i samarbeid med landbrukstenestene og avløyssarlaga.

Bidra til å sikre trygg veterinærdekning.

## KAPITTEL 3: KUNNSKAP OG REKRUTTERING

Medverke til å utvikle Førde vidaregåande skule avdeling Mo som kompetansesenter for landbruket på Vestlandet.

Styrke kommunikasjon mellom næringa og utdanningsinstitusjonane. Medverke til tettare samarbeid mellom avdeling for skule- og oppvekst i Sunnfjord kommune, Førde vgs og landbruksnæringa i Sunn-

fjord med mål om at alle elevar i kommunen besøker skulen på Mo i løpet av grunnopplæringa.

Utforske mulegheitene for ei meir praksisnær samhandling med næringa i samarbeid med aktørar som Sunnfjord utvikling, Framtidsfylket og fleire.

Bidra til å styrke rekrutteringa til næringa gjennom



det nye yrkesretta utdanningsprogrammet for fagbrev som agronom og gartner frå 2026.

Bidra til å samordne omdømmearbeidet i næringa gjennom ein overordna omdømmestrategi. Gode

døme, rollemodellar og karrieremulegheiter i landbruket må synleggjerast. Næringa sitt kunnskapsbehov og integreringa av ny kunnskap må styrkast gjennom tette samarbeid med forskingsmiljø som NIBIO og med rådgjevingstenestene.

#### KAPITTEL 4: VERDISKAPING OG RINGVERKNADER

Som første kommune i landet vil Sunnfjord kommune ta initiativ til å få laga ein heilskapleg samfunnsrekneskap for verdiskapinga i landbruket. Samfunnsrekneskapen vil tene som eit styringsverktøy for å sikre auka verdiskaping og arbeidsplassar, samstundes som den vil synleggjere dei fleirfaldige oppgåvene landbruket løyser i sunnfjord-samfunnet. Samfunnsrekneskapen vil dessutan tene som kunnskapsgrunnlag for at kommunen skal kunne ta ei aktiv rolle som pådrivar for næringa og påverke rammevilkåra for landbruket positivt.

Ta utgangspunkt i dei positive erfaringane frå Storfe-prosjektet og greie ut om liknande arbeidsmåtar kan overførast til andre delar av landbruksnæringa.

Ta initiativ til dialog med «Matnasjon Noreg» med mål om å utforske korleis vår lokale matkultur og mathistorie kan gje grunnlag for nyetableringar i tilleggsnæringane.

#### KAPITTEL 5: MANGFALD

Ta vare på kulturarven i landbruket og kunnskapen om bruk av våre lokale for- og matressursar og korleis stelle jord og husdyr i våre bygder, under våre forhold og føresetnader, både når det gjeld klima, jordsmonn og terreng. Utforske moglegheiter for meir frukt og grønt-produksjon.

Utvikle forteljinga om, og produktutviklinga kring, landbrukets kulturarv og vår matkultur. Utvikle strategiar for bruk av våre lokale mattradisjonar og matkultur som grunnlag for næringsutvikling. Styrke

satsinga på støyldrift og rådgjeving kring setertilskot.

Styrke samhandlinga om formidling av historia i Sunnfjord, mellom landbruksnæringa, reiselivet, kulturlivet, museumsverda og andre relevante aktørar, dessutan medverke til tett dialog mellom landbruksnæringa, grunneigarar, reiselivet og friluftslivsaktørar med mål om å legge til rette for ferdsel og redusere potensiale for konflikt.

#### KAPITTEL 6: HEILSKAP

Auke gardbrukarane si interesse for god agronomi, drift av jordbruksareala og utnytting av ressursane på garden, for å auke verdiskapinga i landbruket.

Halde fram med å handheve og stille vilkår om buplikt på alle landbrukseigedomar som er underlagt krav om konsesjon gjennom konsesjonslova. Utarbeide retningslinjer for tilsyn med, og handheving av, driveplikta i tett dialog med næringa. Invitere til drøftingar om kva type drift som skal kvalifisere for driveplikt.

Utvikle ein kunnskapsbasert metodikk for betre og

meir systematisk dialog om ressursforvaltinga i grendene. Halde fram arbeidet med å utvikle møteplassar i landbruket og i grendene.

Utvikle ein «velkomstpakke» til nye eigarar av landbrukseigedomar i Sunnfjord i samarbeid med rådgjevingstenestene og næringa elles.

Bidra til å styrke den tverrsektorielle forståinga av at gode offentlege tenester i bygdene i dag er vesentlege for eit levande landbruk i eit framtida.

# INNHALD

01. **SAMFUNNSOPPDRAGET**  
Frå mold til mat side  
12
02. **SAMFUNNSKONTRAKTEN**  
Lønn for strevet side  
26
03. **KUNNSKAP**  
Samfunnskritisk kunnskap  
og rekruttering side  
36
04. **RINGVERKNADER**  
Verdiskaping og ringverknader side  
48
05. **MANGFALD**  
Mange vegar til verdiskaping side  
60
06. **HEILSKAP**  
Ei trygg framtid i levande  
landbruksbygder side  
76
- OVERSYN**  
Tilskotsordningar, fotokreditt  
og kjelder side  
88





# TEMAPLAN LANDBRUK 2025-2035



# FRÅ MOLD TIL MAT



# 01.



Vi blir berre meir og meir opptekne av matproduksjon.  
Trygg og nok mat er jobb nummer éin.

Bjørn Harald Haugsvær, assisterande fylkesdirektør for landbruk hjå Statsforvaltaren.

# VISJON



**Sunnfjord-bonden produserer berekraftig, trygg og sunn mat av høg kvalitet.**

**Sunnfjord-bonden bidreg til å halde oppe Vestland sin relative del av mjølk- og kjøttproduksjon, og aukar den berekraftige fôrproduksjon på lokale ressursar.**

**Sunnfjord-landbruket er eit klimatilpassa og klimavenleg landbruk som styrker og utviklar matproduksjonen i heile kommunen.**



Bakgrunn:

# MOT BEREKRAFTIGE MAT – OG SKOGSYSTEM I SUNNFJORD

– Samfunnsoppdraget til jordbruket er å sikre Noregs befolkning nok og trygg mat produsert på norske naturressursar, og slik bidra til arbeid, god ernæring og helse.

Den norske regjeringa sine landbrukspolitiske målsettingar skriv seg opp mot 2030-agendaen er verdas handlingsplan for berekraftig utvikling. Den er konkretisert gjennom 17 mål for berekraft og forstår berekraftig utvikling langs tre dimensjonar:

- Økonomisk, sosialt og miljømessig.

All aktivitet knytt til mat og landbruk har innverknad på korleis vi kan nå måla vi har forplikta oss til gjennom det internasjonale samfunnet vi er ein del av. FN har særleg sett berekraftige matsystem på den globale dagsorden og understrekar kor vesentleg det er at maten vert produsert på lokale ressursar.

**Landbruket står i ei særstilling i omstillinga vi nemner som det grønne skiftet. Landbruket er ei sirkulær og kretslaupsbasert næring der fotosyntesen er grunnlaget for alt som vert hausta og produsert.**

Sunnfjord kommune er etter mange målestokkar den største landbrukskommunen i Vestland. I Sunnfjord kommune si næringsplan er visjonen om at kommunen skal vere «Regionmotor på Vestlandet» definert. Korleis kan Sunnfjord-landbruket ta ei rolle som regionmotor i høve til ein overordna ambisjon om berekraftige mat- og skogsystem?

Verdiskaping, eller bruttoprodukt, er verdien av produserte varer og tenester, med frådrag for vareinnsats. Verdiskaping i jordbruket i Sunnfjord er i oversikta nedanfor berekna på basis av tal frå 2020. Både med omsyn til verdiskaping i jordbruket og skogbruket totalt og med omsyn til verdiskapinga

i mjølkeproduksjonen som den største næringa i jordbruksproduksjonen i kommunen, er Sunnfjord den største landbrukskommunen i Vestland fylke. Det same gjeld for sysselsettinga i næringa.

Slik er Sunnfjord kommune i posisjon til å ta ei leiande rolle som regionmotor for utviklinga mot berekraftige mat- og skogsystem i Vestland.

## Sunnfjord kommune

### Statistikk (SSB), 2020:

|   |        |
|---|--------|
| Tal innbyggjarar                        | 22 030 |
| Totalt areal, km <sup>2</sup>           | 2 067  |
| Jordbruksareal i drift, km <sup>2</sup> | 88     |
| Produktivt skogareal, km <sup>2</sup>   | 342    |
| Avvirking, m <sup>3</sup>               | 24 945 |
| Tal landbrukseigedomar                  | 1 581  |
| Tal jordbruksføretak                    | 516    |
| Tal sysselsette i primærnæringa         | 419    |

### 1) Jord- og skogbruk

### Utrekningar, 2020, verdiskaping som bruttoprodukt og sysselsetting

|  |       |
|--|-------|
| Bruttoprodukt jordbruk, mill. kr             | 197,6 |
| Bruttoprodukt skogbruk, mill. kr             | 20,2  |
| Sum bruttoprodukt primærledd, mill. kr       | 254,3 |
| Bruttopr. landbruksbasert industri, mill. kr | 161,2 |

Årsverk à 1845 timar, jordbruk



### 1) inkl. tilleggsnæring

497,9





### Verdiskaping jordbruk, bruttoprodukt, mill. kr



Status:

# VERDISKAPING I JORDBRUKET

Den totale verdiskapinga for jordbruket i Vestland er berekna til 1,88 milliardar kroner for 2020. Sunnfjord kommune har høgast verdiskaping med 197,6 millionar kroner. 419 personar er sysselsette gjennom primærnæringane i Sunnfjord.

Verdiskaping (bruttoprodukt) frå mjølkeproduksjon er berekna til 937 mill. kr for Vestland, og det er ein nedgang på 7 prosent frå 2016. Tal mjølkekyr i fylket har gått ned med 1 460 kyr frå 2016 til 2020, medan gjennomsnittstorleiken har auka frå 19 til 22 kyr per brukseining.

Tilskot utgjer 37 prosent av dei totale produksjonsinntektene i mjølkeproduksjonen i Vestland.

Av kommunane er det Sunnfjord som hadde høgast verdiskaping i mjølkeproduksjonen med 142,9 mill. kr, følgt av Voss med 98,2 mill. kr og Gloppen med 71,9 mill. kr.

Ein stor del av kjøtproduksjonen på storfe i Sunnfjord skjer i kombinasjon med mjølkeproduksjon, eller med innkjøpte NRF-kalvar. Fleire av dei som sluttar med mjølkeproduksjon legg om produksjonen til kjøtproduksjon med ammekyr. Lenge har det vore auke i talet ammekyr.

I alt var verdiskapinga frå produksjon av storfekjøt 133,5 mill. kr i Vestland i 2020, og det var ein auke med 24, mill. kr, eller 22 prosent, frå 2016 til 2020.

Sunnfjord kommune har mykje kjøtproduksjon på ammekyr, med ei verdiskaping på 17,7 mill. kr i 2020.

Det var spesielt stor auke i denne typen produksjon frå 2016 til 2020.

## Utviklingstrekk i mjølke – og ammekuproduksjonen

Tal driftseiningar med mjølkeproduksjon i Vestland er redusert med 54 prosent frå 2006 til 2020, medan tal mjølkekyr er gått ned med 22 prosent. I 2020 var det att 1 093 bruk med mjølkekyr, 24 114 kyr og gjennomsnittleg buskap var på 22,1 kyr i fylket. Reduksjonen i tal mjølkekyr var på 18 prosent på landsbasis.


Tal mjølkekyr går nedover, men kvar mjølkekyr har monaleg høgare avdrott. Volumproduksjonen er konstant og tilpassa marknaden.

Talet på ammekyr i Noreg har auka med heile 80 prosent i løpet av perioden 2006 til 2020. I Vestland fylke har tal ammekyr auka med 33 prosent i same periode. Buskapane i Vestland er i snitt på 9,4 ammekyr per driftseining, medan landsgjennomsnittet er 18 ammekyr per driftseining. Tabellen til høgare syner utviklinga i Sunnfjord samanlikna med Vestland og landet elles.

## Framtidig mjølkeproduksjon

I rapporten Framtidig mjølkeproduksjon i Vestland fylke (Haukås, 2022)<sup>1</sup> kjem det fram at nye krav til dyrevelferd og innføring av ny teknologi er ei større utfordring i Vestland enn mange andre område. Små

<sup>1</sup>Kjelde: <https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/2873785>



Figur over viser prosentvis endring i tal bruk med mjølkekyr og ammekyr, samt tal kyr og prosentvis auke i tal kyr i gjennomsnitt per bruk for Vestland og landet frå 2006–2020.

driftseiningar, vanskeleg arrondering og jord som ikkje toler beitetrykk er utfordringar for vestlandsbonden, i tillegg til at økonomien ikkje er tilfredsstillande for mange. Ei spørjeundersøking blant bøndene viste at 19 prosent avsluttar drifta alt i 2024, då nye krav til beite og kalvingsbinge trer i kraft. Ytterlegare 24 prosent svarte at dei avsluttar drifta etter at kravet om lausdrift vert innført i 2034. Undersøkinga viste at betre økonomi i produksjonen er det viktigaste tiltaket for å auke interessa for framtidig mjølkeproduksjon.

Verdiskaping frå **geitemjølkeproduksjonen** er berekna til 60 mill. kr for Vestland i 2020. Det er ein nedgang på 23 prosent frå 2016. Sunnfjord er den tredje største kommunen i fylket med omsyn til slik verdiskaping. I 2020 var det 8 aktive mjølkebruk med kring 950 mjølkegeiter i Sunnfjord.

**Kraftfôrbasert husdyrhald** inkluderer svinehald, egg- og fjørfekjøttproduksjon. Det er lite kraftfôrbasert husdyrhald i Vestland og totalt er verdiskaping frå kraftfôrbasert husdyrhald berekna til 82 mill. kr for Vestland i 2020. Det er svinehald som utgjør størstedelen av bruttoproduktet, med 61 prosent i 2020. Sunnfjord er den femte største kommunen i Vestland på kraftfôrbasert husdyrhald.

Produksjonen av **sauekjøtt** har vore relativt stabil både i Vestland og landet frå 2006 til 2020. Vestland står for 17 prosent den totale produksjonen av sauekjøtt. Sjølv om vi har færre vinterfora sauer enn tidlegare i Sunnfjord, held lammetalet seg meir stabilt. I perioden 2006–2020 er talet på vinterfora sauer redusert frå 17 881 til 12 348 medan talet på lam leverte til slakt er redusert frå 21 634 til 19 059.



Status:

# BEREKRAFTIG MATPRODUKSJON PÅ UTMARKSBEITE

Utmarksbeite er ein viktig del av fôrgrunnlaget i norsk jordbruk. I alt blir det hausta verdiar for om lag 1 milliard kroner kvar sommar.

I 2023 fekk 1,8 millionar sauer, 267 000 storfe og 60 000 geiter produksjonstilskot for meir enn fem veker i utmark. I tillegg kjem 250 000 tamrein som beitar ute heile året.

I Sunnfjord beitar omlag 25 tusen sauer, 5000 storfe og underkant av 1400 geiter i meir enn fem veker i utmarka kring om i kommunen. Sjølv om tala isolert sett kan verke høge, er tendensen at vi held stadig færre husdyr gjennom vinteren og sender stadig færre dyr til fjells på beite om sommaren.

Sau og lam på utmarksbeite 1981–2023



I Sunnfjord, som i landet elles, har vi lang tradisjon for utnytting av utmarksressursane gjennom beitebruk. Samtidig er bruken av utmarksressursen i endring og andre interessegrupper kan komme i konflikt med tradisjonell utnytting av utmarka.

**Beiteressursen i utmark har fått ny aktualitet etter som mange har vorte uroa for matsituasjonen i verda. «Å stimulere til auka bruk av utmarksressursane er eitt av måla i jordbrukspolitikken»**  
(Proposisjon til Stortinget, LMD 2018-2019).



### **Korleis kan ei beitebruksplan styrke utmarks- næringa?**

Ei beitebruksplan er ein systematisert presentasjon av beiteareala i kommunen og korleis desse vert brukt til beiting av husdyr. Planen dokumenterer noverande beitebruk, den ser på historia og peikar framover. Den vil vere eit verktøy for framtidig, rasjonell beitebruk.

### **Formålet med ein slik plan er å dokumentere og synleggjere verdiskapinga av beitebruken.**

Beitebruksplanen skal ikkje i seg sjølv løyse uavklarte juridiske problemstillingar, men gjerne peike på dei og foreslå ei framtidig handtering.

Ei beitebruksplan består av ein tekstdel samt ulike tabellar og dataframstillingar, i tillegg til ein tiltaksdel. Kart er også ein viktig del av plandokumentet.

### **Mot ei beitebruksplan i Sunnfjord – korleis kan vi arbeide i vår kommune?**

Erfaringar frå andre kommunar viser at det kan vere ulike måter og arbeidsprosesser som kan leie fram til ein god beitebruksplan. Grunnleggjande viktig er det at beitenæringa og kommunen spelar aktive roller i planarbeidet.

Ofte vil det vere beitenæringa som tar initiativet til

utarbeiding av beitebruksplanen og næringa vil vere ein sentral leverandør av dokumentasjon.

Det er viktig å få fram faktainformasjon ikkje berre om næringsverksemda, men også om dei utfordringane som næringa sjølv meiner at beitebruksplanen må ta opp.

Ein ser likevel at kommunen ofte har rolla som prosjektleiar og ansvarleg for sekretariatet når det skal lagast ei ny beitebruksplan. Der det er klare målsettingar og definerte behov, ser ein også dei beste sluttresultata.

### **Planen sin status og forankring**

Ferdig utarbeidde beitebruksplanar har som regel følgjande status:

- Beitebruksplanar kan vere utarbeida av enkeltbeitelag eller samanslutningar av beitelag, utan kommunal involvering.
- Dei kan vere ei oppfølging av kommunen sin landbruksplan, ofte konkretisert under tiltaksdelen.
- Dei kan vere ein eigen kommunedelplan eller sektorplan.
- Dei kan vere ein del av kommunen sin arealplan.

Ein ser ein klar sammenheng mellom eit godt sluttprodukt og implementering av beitebruksplanen i det kommunale planverket.

Status:

# VERDISKAPING I SKOGBRUKET

For dei fleste skogeigarane er avverking av skog den viktigaste kjelda til inntekt frå skogen, men det er fleire inntektskjelder til skogeigedommen enn hogst av industrivirke for sal. I tillegg kjem uttak av skog til eige bruk, virke til ved, juletre og pyntegrønt, jakt og nettotilvekst.

Sunnfjord er blant dei største skogkommunane i Vestland fylke. Produktivt skogareal er på over 600 000 daa, der lauvskog utgjer 60 %. Potensielt økonomisk nyttbart skogareal er vurdert til kring 275 000 daa. Dette fordeler seg slik:

- 100 000 dekar planta gran
- 75 000 dekar furu
- 100 000 dekar lauvskog

I eit klimaperspektiv kan ein rekne at berre denne delen av skogareala i Sunnfjord bind godt over 200 tusen tonn Co<sup>2</sup> årleg.

Granskogen dominerer i kubikkmassen i kommunen. Grana produserer særst godt på vår skogsmark og gjev mest igjen økonomisk. Tømmer frå grana i Sunnfjord er etterspurt av industrien både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Hogst og omsetning av tømmer er aukande. Hogsten i 2023 var på heile 76 500 m<sup>3</sup> til ein verdi av kring 40

millionar kroner. Verdiskapinga av volumet er over 100 mill kr. Slik markerer Sunnfjord seg også med høgst verdiomsetting frå skogen i Vestland.

## Stort potensiale for å styrke skogbruket i Sunnfjord

- Skogbruket har utvikla seg frå gardsskogbruk (ved og materiale frå eigen skog) til at hogst og skogkultur i særst stor grad blir utført av entreprenørar.
- Aktiviteten er no i stor grad knytt til den eldste kulturskogen frå skogreisingsperioden (1950–1990).
- Tømmeret vårt blir i all hovudsak eksportert (lite lokal foredling).
- Det er eit stort potensial for auka aktivitet i naturskogen (furu og lauv).
- Skogkultur (forynging og stell) må prioriterast høgt i lys av avverkinga.

**Å auke skogeigarens sin kunnskap om stell og drift av skog vil vere ein nøkkelfaktor for å auke verdiskapinga frå skogen og utnytte skogen sitt potensial som eit positivt klimatiltak i høve til karbonbinding.**

<sup>1</sup> Kjelde: Områdetakstar 1993-2012

### Støtteordningar i skogbruket

Skogbruksnæringa har samla sett få tilskotsordningar og midlane er avgrensa til årleg å ligge kring 20-25 mill. kr for Vestland.

Tilskotsordningane er i hovudsak knytt til:

- Skogkultur-planting/forynging og ungskogpleie
- Drift med slepebane og hest
- Bygging av skogsvegar

I tillegg til tilskot kjem skogeigarane sine eigne skogfondsmidlar. Skogfondet er ei tvungen fondsavsetning (hogst/omsetting av tømmer), som skal nyttast til investeringar i eigen skog.

Sunnfjord kommune får kvart år tildelt ein del av Vestland sine tilskotsmidlar. Bygging av gode skogsvegar er dyrt. Det er utfordrande å få tilstrekkeleg med midlar til skogsvegbygging.

Kombinasjonen av tilskot og skogfond er avgjerande for å løyse investeringsbehovet i skogbruket.

### Behov for satsing på skogsvegar i Sunnfjord

- Vi har eit til dels manglande og underdimensjonert vegnett for rasjonell transport i/frå skogen.
- Mykje av den produktive skogen manglar nærleik til veg. Ut frå dagens driftsteknikkar treng vi skogsbilvegar for å få ut skogen når han er hogstmoden.
- Mykje av det eldre skogsvegnettet er bygd etter gammalt regelverk, med dimensjonering som ikkje er tilpassa dagens maskiner og klima.

### Nærare om skogsvegar i Sunnfjord

Skogsvegar er naudsynte for å drive eit økonomisk berekraftig skogbruk. Ein stor del av skogsmarka i Sunnfjord er bratt og vanskeleg, og vi treng difor eit tett skogsvegnett. Som følgje av skogreisinga på 60- og 70-talet er det mykje tømmer som er, eller snart vert hogstmogent. Det må byggast mange kilometer nye skogsvegar for å gjere tømmeret tilgjengeleg.

Sunnfjord kommune har eit offentleg vegnett med mange flaskehalsar som vekt- og lengdebegrensing som hindrar rasjonell transport av tømmer. Dette gjev auka kostnader for skogeigar, næringa og samfunnet elles. Problemstillinga delar vi med mange andre kommunar i Vestland. Ein flaskehals er her definert som ein veg som ikkje kan køyrast med fullasta tømmervogntog (bil og hengar 19,5 m).

Rammevilkåra for tømmertransport her er særst ulikt austlandet, der dei fleste vegane kan køyrast med bil og hengar. Kun 30 % av kommunale vegar i Vestland har tilsvarende løyve.

TØI (transportøkonomisk institutt) sin rapport 1826/2021 syner at samfunnsøkonomisk nytte av å fjerne flaskehalsar på offentlege vegar i Sunnfjord kommune utgjer om lag 24 mill. kr.

|         |                  | Oppgradering til BK10, 50t,<br>19,5m (korthengar) |                                 |   | Oppgradering til BK10, 60t,<br>24m (langhengar) |                                 |   |
|---------|------------------|---|---------------------------------|---|---|---------------------------------|---|
| Komm.nr | Kommune-<br>namn | Totalt<br>(1000 kr)                               | Kommunale<br>vegar<br>(1000 kr) | Fylkesvegar/<br>øvrige vegar<br>(1000 kr) | Totalt<br>(1000 kr)                             | Kommunale<br>vegar<br>(1000 kr) | Fylkesvegar/<br>øvrige vegar<br>(1000 kr) |
| 4647    | Sunnfjord        | 24 143  | 9 961                           | 14 183                                    | 34 633  | 12 466                          | 22 167                                    |



Strategi:


# BEREKRAFT I LANDBRUKET - BEREKRAFT FOR BONDEN

Den sosiale dimensjonen av berekraft handlar om å sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. I jordbruket er sosial berekraft knytt til føreseielege rammevilkår, moglegheit for utvikling av inntekta og gode velferdsordningar for bonden.

Vestlandsbonden har hatt om lag same økonomiske utviklinga som bøndene i resten av landet, men nivået ligg noko under landsgjennomsnittet (målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk). Hovudårsaka til dette er mindre driftseiningar og vanskelegare driftsforhold. Sjølv om fleire av tilskotsordningane kompenserer noko for dette, viser driftsgranskningane at inntekta til vestlandsbonden ligg litt lågare enn gjennomsnittet for landet.<sup>1</sup>

For å oppretthalde og styrke matproduksjonen og skogbruket er det naudsynt å utvikle strategiar som styrkar sunnfjord-bonden sitt høve til eit rimeleg og jamt over høgre vederlag for arbeid og kapital.

Innsikta som finst i det tredelte berekraftsperspektivet føreset at bonden har økonomiske og sosiale vilkår kring arbeidet sitt for å kunne levere på landbruket sitt samfunnsoppdrag.



<sup>1</sup>Kjelde: NIBIO, Driftsgranskningar i jord- og skogbruk



Markvandring med Norsk landbruksrådgjeving på Sunde.

#### **PRIORITERTE STRATEGIAR:**

Halde fram arbeidet med å legge til rette for investeringar og modernisering av landbruksproduksjonen i Sunnfjord kommune, gjennom samarbeid med Storfeprosjektet og rådgjevingstenestene elles. Omlegginga frå båsfjøs til lausdrift i mjølkeproduksjonen skal ha høg prioritet, men moderniseringa må også omfatte dei andre produksjonane. Både fulltidsbønder og deltidsbønder skal ha tilgang til gode rettleiingstenester i Sunnfjord. Det skal leggest til rette for å rekruttere fulltidsbønder for større driftseiningar, men også å rekruttere deltidsbønder til mindre bruk for å skape eit godt fagmiljø i næringa og gode bumiljø i grendene. I skogbruket skal rettleiingstenesta bidra til å auke kunnskap og kompetanse om skogbruket i samarbeid med aktørane i næringa.

Verdiskapinga frå skogen kan aukast, samstundes som vi skaper ein robust framtidsskog som utnyttar potensialet skogen har som klimatiltak. I den samanheng er det viktig å sikre at alle grunneigarar tingar og nyttar ny skogbruks-/miljøplan. I samsvar med kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen arbeide for arealnøytralitet og jordvernet skal ha prioritet. Beitenæringa utarbeider ein beitebruksplan i samarbeid med kommunen og andre relevante aktørar.

Berekraft i landbruket har overordna prioritet. Strategiar for berekraft i næringa må sjåast i samanheng med resten av kommunens planverk og strategiar, slik som kommuneplanens arealdel, klimaomstillingsplanen, strategisk næringsplan for Sunnfjord kommune.

Bondeforteljingar:

# MEIR OG MEIR OPPTEKNE AV MATPRODUKSJON

Vi må tenkje hundre og tusen år fram i tid. I vår regnrrike del av fylket er det grovforet som kan halde dei store areala i drift. Ikkje alle dei andre produksjonane.

Bjørn Harald Haugsvær er tidlegare fylkesagronom. No arbeider han som assisterande landbruksdirektør hjå Statsforvaltaren i Vestland. – Spør du oss får du strenge svar: Jordvern og driveplikt! Landbruket har ein ståande marsjordre om å auke sjølvforsyninga og produsere nok og trygg mat på vårt eige ressursgrunnlag. Då må dei store areala produsere det som gror best i vårt klima: Gras til husdyra.

Lenge var Sunnfjord langt framme i omlegginga til lausdrift i mjølkeproduksjonen. Så stoppa det litt opp. Det har bekymra oss. No lysnar det kanskje i den lange, tronge økonomi-tunnellen. Støtteordningane kan ikkje skildrast som anna enn gode og vi håpar at fleire hoppar ned frå gjerdet og satsar på garden sin, slik generasjonane har gjort før dei.

**La oss ikkje gløyme sauene opp i alt dette! Mat er mat.**

Kombinasjonslandbruket med ei inntekt utanfrå garden må verdsettast høgre i eit matproduksjons-perspektiv. I Sunnfjord er det god tilgang til anna arbeid og høve til å pendle ut frå slike kombinasjonsbruk.

Våre forfedre var deltidsbrukarar dei og. Dei reiste til kysten på fiske om hausten, dei snekra om vinteren. Vi må ha eit mangfald i inntektsgrunnlaget, som i sum gir eit utkome både frå små og store bruk. Men det må alltid lønne seg å produsere mat.

**No har vi ein situasjon der den kortsiktige energiproduksjonen trugar den langsiktige matproduksjonen. Då må vi ta hundre og tusenårs-perspektivet til hjelp.**

Hjå Statsforvaltaren brukar vi kanskje mest pisk, ved å peike på kva lovene seier. Andre kan bruke gulrot. Eg ynskjer meg eit forum der vi kan samlast på tvers av organisasjonane, dei offentlege, dei private og dei politiske. Slik at vi kan snakke saman og hjelpast åt. Nok og trygg mat i eit framtidsperspektiv er ei oppgåve for fellesskapet.



**Bjørn Harald Haugsvær**

Bondeforteljingar:

# STORT NOK



Osen Gard i Bygstad.

– Dei ville eg skulle bygge endå større, men eg stod på mitt. Dette var passeleg for meg, og det har gått bra.

Ytst på Laukeland med utsikt mot fossen og fjorden ligg Knut Arne Laukeland sin gard med ikkje berre ein, men to nye driftsbygningar. Ein til mjølk og storfe og ein til sau. Eg har satsa mest på fjøsen. Eg har ikkje satsa fullt så mykje på traktoren.

Knut Arne viser oss den einaste traktoren han har. Ikkje så stor, ikkje heilt ny. – Eg klarer meg

med denne, slår han fast. På turen mot Laukeland går murar og stiar rad i rad i eit vakkert kulturlandskap som opnar seg mot fjorden. Dette er ikkje ein stad for store traktorar, det skjønar vi.

– **Eg hadde bygd igjen, det hadde eg. Men eg hadde kanskje ikkje bygd fullt så stort, seier kollega Ole Magnus Mo.**

– Eg heiar på mangfaldet, men det er heiltidsbøndene som er ryggrada i det norske landbruket. Det må vere muleg å leve av og i yrket, understrekar han. Ole Magnus driv mjølk- og kjøttproduksjon ved Osen i ein fjøs så vakker at ein må snu seg når ein køyrer forbi. Ofte ser ein kyrne beite ute på dei flate, grønne markene som breier seg mildt ut framom dei steile og uregjerlege fjella.



# LØNN FOR STREVE



**Eg hugsar ei samling om HMS-arbeid for bønder i ei av bygdene i Sunnfjord. Eg ba dei som hadde hatt fri ei helg siste månaden om å rette opp ei hand. Ingen rette opp handa.**

**Kolbjørn Taklo, rådgjevar for helse, miljø og sikkerheit i Norsk landbruksrådgjeving.**



# VISJON



**Sunnfjord-bonden har trygghet for eiga helse, inntekt for eige arbeid og både rett til og høve til ferie, fritid og familieliv.**

**Sunnfjord-landbruket står samla om å styrke velferdsordningane i landbruket og rekrutteringa til avløysaryrket.**

**Sunnfjord-samfunnet har innsikt i og forståing for landbruket sine samfunnskritiske og samfunnsbyggjande funksjonar og verdset bonden sitt arbeid.**



Bakgrunn:

# BEREKRAFT I BONDEKWARDAGEN

Samfunnsoppdraget til landbruket er å sikre befolkninga nok og trygg mat med grunnlag i berekraftig bruk av ressursane i naturen. Samfunnskontrakten må spegle dette oppdraget på ein slik måte at samfunnet gjev bøndene berekraftige vilkår for å kunne ta på seg den samfunnskritiske og samfunnsbyggjande oppgåva arbeidet inneber.

Berekraftsmåla til FN er ei felles, overordna handlingsplan for ei berekraftig utvikling for alle land og samfunnsområde. Ei berekraftig utvikling gjev økonomisk vekst og betre levekår for folk i dag utan å tære på livsgrunnlaget for framtidige generasjonar.

Samstundes klargjer både nasjonale og regionale regionale planverk at landbruks- og matpolitikken må byggje på den tredelte forståinga av berekrafts-omgrepet med ei økonomisk, sosial og miljømessig side.

## **I samfunnsdelen i den lokale kommuneplanen vert tredelinga av berekraftsmåla forstått slik:**

- alle innbyggjarane i kommunen skal vere likeverdige, likestilte og ha gode kvardagsliv
- all utvikling skal skje innanfor naturen si bereevne og med ein stadig reduksjon av klimagassutslepp
- verdiskapinga skal vere driven av kunnskap og berekraftig, og velferdsutviklinga skal kome heile samfunnet til gode.

**Korleis kan ambisjonen om gode kvardagsliv i ein trygg kommune syne seg i form av ei felles forståing for kva samfunnskontrakt som gjeld mellom sunnfjord-landbruket og sunnfjord-samfunnet?**

Tek vi utgangspunkt i berekraftmåla til FN, gjev konkretiseringa i definerte målformuleringar innspel til ei slik samfunnskontrakt.

## **God helse og livskvalitet:**

God fysisk og psykisk helse heng saman med god arbeidsevne og lønsemd på garden.

Som ansvarleg for eiga gardsdrift vurderer bonden heile tida kvar innsatsen bør setjast inn for å sikre produksjonen. Sjølv om arbeidet med helse, miljø og sikkerheit på garden er innarbeidd og har prioritet, skjer det mange ulukker i landbruket. For bonden kan slagsida bli ekstra stor fordi skadene på menneske, dyr eller eigedom kjem i tillegg til dei økonomiske og personlege belastningane ved ei ei ulukke.

Tidspress og stramme marginar kan gjere det vanskeleg å ta seg tid til å prioritere eiga si eiga helse. Å vere bonde kan vere einsamt og gi lite tid til både familieliv og fritid. Bønder er vande med å klare mykje sjølv, men ingen kan meistre alt til ei kvar tid. Ein må ha tid til og rom for å stoppe opp og tenkje over korleis ein kan styrke og sikre trivselen i ein travel kvardag.



**3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET**

God helse er ein grunnleggande føresetnad for at vi skal kunne bidra i samfunnet. Helse vår vert påverka av miljø, økonomi og sosiale vilkår.



**8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST**

Anstendig arbeid og økonomisk vekst handlar mellom anna om at eit årsverk i arbeidslivet skal gje deg ei inntekt det er muleg å leve av.

Gode og funksjonelle velferdsordningar er avgjerande for at bonden skal kunne kjenne på trivsel og tryggleik i arbeidskvardagen. Undersøkingar viser dertil at muligheita til ferie og fritid er viktige moment for både rekruttering til og framsnaking av jordbruket.

Ei fersk undersøking utført av agrianalyse på vegner av Landkreditt forsikring syner likevel at bønder gjer ferien svært kort. Nær halvparten nøyer seg med to veker eller mindre.

Ein fjerdepart av bøndene tek ut mindre enn fem dagar ferie i året. Mykje arbeid over tid utan skikkeleg kvile aukar risikoen for uhell og skader.

### **Anstendig arbeid og økonomisk vekst**

Landbruket er ei omstillingsdyktig næring som syner evne til effektivitet og lønsemd, men krava til investeringar i maskiner og driftsapparat er store og høg gjeld pregar botnlinja i økonomien. Driftskostnadane har auka mykje dei siste åra, både til gjødsel, kraftfor, diesel og straum. Økonomien er i tillegg prisgitt ein stadig meir krevande vertype og andre variablar ein ikkje rår med.

Tariffordningar og arbeidsavtalar sikrar rett lønn til innleigd arbeidshjelp, men kva med bonden sjølv?

FN sitt berekraftsmål om anstendig arbeid og økonomisk vekst fastslår ei målsetting om at ei inntekt frå eit årsverk skal vere nok til å leve av. Slik er det ofte ikkje for bonden. Staten set villkåra for næringa, særleg i form av årlege jordbruksforhandlingar, men også gjennom eit sterkt importvern og gjennom å bevare landbrukssamvirka som marknadsregulator.

Sjølv om landbrukspolitikken fastset målsettingar om å auke lønsemda i bruken av jordbruksareala, samt at vi skal ha eit landbruk i heile landet og at næringsutøvarane i landbruket skal ha same inntektsmulegheiter som andre grupper, var inntekta knytt til årsverket i landbruket i følge NOU 2022:14 «Inntektsmåling i jordbruket» så låg som 362000 kroner ved siste måling i 2020<sup>2</sup>.

<sup>2</sup>Tal frå SSB om landbruksinntektene i Sunnfjord.



Status:

# GODE RAMMER VIL GI BETRE REKRUTTERING

Sjølv om velferdsordningane i landbruket er skreddarsydde for vilkåra i næringa er opplever landbrukstenestene i Sunnfjord store vanskar med å rekruttere kompetente arbeidstakarar til stillingane som landbruksvikarar og avløyssarar.

Velferdsordningane i jordbruket består av til saman fem tilskotsordningar:

- tilskot til avløyssing
- tilskot til avløyssing ved sjukdom og fødsel
- landbruksvikarordninga
- sjukepengeordninga
- tilskot til tidlegpensjon

Den enkelte bonde tar på seg eit personleg økonomisk ansvar ved investeringar i landbrukseigedom, bygningar, dyr og maskiner. Sidan særleg husdyrproduksjon er i kontinuerleg drift, også for å oppretthalde dyrevelferd, kan ein ikkje vere fråverande frå drifta. Jordbruksføretaka blir i hovudsak driven som enkeltpersonføretak og det er ofte få andre personar som kan gi arbeidshjelp til drifta.

Jordbruksavtalepartane har derfor etablert ordningar spesielt retta mot desse yrkesutøvarane:

Dei to avløyssarordningane skal saman bidra til å dekke kostnader til arbeidshjelp mellom anna ved sjukdom. Tilskotsordningane bidreg til finansiering av bruk av avløyssarar, medan avløyssarlaga gjennom beredskapsordninga pliktar å stille med landbruksvikar ved akutt skade og sjukdom.

- Velferdsordningane kan spele ei positiv rolle for

rekruttering til landbruket ved å gi bønder høve til å kunne ta ut ferie og fritid, og fordi tilskotet til avløyssing ved sjukdom, fødsel er med og sikrar tilgang til arbeidshjelp i slike situasjonar.

- Velferdsordningane er også viktige for å sikre og auke tal unge bønder og kvinner i jordbruket. Ordningane har betydning for likestilling, rekruttering av nye utøvarar til jordbruket og er viktige for dei som er aktive bønder.<sup>1</sup>

**Ei generell og overordna utfordring er likevel at landbrukstenestene i Sunnfjord opplever store vanskar med å rekruttere kompetente arbeidstakarar til stillingane dei lyser ut både som landbruksvikarar og avløyssarar:**

Ein rapport frå Ruralis foreslår fem tiltak for å styrke rekrutteringa til landbruksrelaterte yrke.

## 1. Markedsføring og omdømme

For ungdom med mange valgmulegheiter er det viktig at avløyssaryrket er synleg som ei mulegheit, både i høve til lønn og arbeidsvilkår. Det handlar om å vere tilstades ved både ungdomsskular og vidaregåande skular og synleggjere yrkesmulegheitene i avløyssaryrket. Både avløyssarlag og faglag kan vere med å ta eit større ansvar for dette lokalt i kommunen vår.

<sup>1</sup> Kjelde: <https://www.regjeringen.no/contentassets/5c2ba74c51d448a0883fa51d2eaf670a/vurdering-av-velferdsordningane-i-jordbruket.pdf>



Beitetilsyn er ei viktig oppgåve og kan vere eit fint første møte med arbeidslivet i landbruket.

## 2. Styrke gardbrukaren som arbeidsledar

Avløysarane er i hovudsak fornøgde med samarbeidet med gardbrukarane, men intervjuet i undersøkinga syner eit potensiale for forbetring. Arbeidsleiing og relasjonell kompetanse kan med fordel setjast på dagsorden av aktørane i landbruket. Korleis kan bonden bidra til at avløysaren trivst på jobb?

## 3. Ungdommar sitt første møte med arbeidslivet

For ungdommar som arbeider på eit gardsbruk er det ofte deira første møte med arbeidslivet. Dei som vert rekrutterte inn bør oppleve ein god start der dei blir tatt vare på. Avløysarlaga kan ha eit ansvar i dette arbeidet, i samarbeid med bonden og opplæringa elles.

## 4. Meir offensiv rekruttering av nye grupper

Landbruk som tema bør inn i skulen tidlegare slik at

avløysarjobben blir synleg også for dei som ikkje har vakse opp på gard. På ungdomsskulen kan avløysararbeid vere eit valfag og praksisperiodar ved agromotdanninga kan utførast på gardsbruk utanfor skulen for å få meir variert praksis.

## 5. Styrke avløysaren si kompetanseutvikling

Avløysarar kan integrerast betre i jordbruket sine arenaer for kompetanseutvikling. I kva grad blir avløysaren invitert til fagmøter, markdagar og rådgjevingmøter på garden i dag? Gardbrukarar, faglag og rådgjevarar kan bidra til å trekke inn avløysarar i større grad. Avløysarlaga kan også engasjere seg ved å skaffe finansiering til kompetanseutvikling for sine tilsette.<sup>2</sup>

<sup>2</sup>Kjelde: <https://ruralis.no/wp-content/uploads/2024/02/rapport-1-24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf>

## Strategi:

# EIN TRYGG ARBEIDSKVARDAG OG EIT GODT KVARDAGSLIV

Gode kvardagsliv i ein trygg kommune er ein raud tråd og ei overordna målsetting i samfunnsdelen i Sunnfjord kommune sin gjeldande kommuneplan. Eit godt liv vert skapt saman med familie og vener, i arbeidsfellesskap og nettverk, og i aktive lokalmiljø.

## Bondens nettverk

Bondens nettverk er ein systematisk arbeidsmåte for å forebygge fysisk og psykisk sjukdom i landbruket og eit sikkerhetsnett dersom ei ulukke rammar. Ordninga er prøvd ut med erfaringsgrunnlag frå kommunar i Innlandet fylke og vert no spreidd til andre delar av landet. Bondens nettverk vert forankra i kommunane, og landbrukskontora tek ansvar for å etablere og vedlikehalde nettverka. Kontaktinformasjonen til alle aktørane vert publisert på kommunen si nettside.

Ein bonde som treng hjelp, eller nokon som vil hjelpe bonden det gjeld, kan ta kontakt med den dei trur kan hjelpe. Aktørane i nettverket kjenner kvarandre og hentar inn ytterlegare hjelp frå dei andre. Det er likevel kun dei aktørane bonden sjølv vil ta i mot hjelp i frå, som skal kjenne den aktuelle saka.

Norsk landbruksrådgjeving Vestland har motteke prosjektmidlar for å prøve ut ordninga i vårt fylke. Sunnfjord kommune er ein aktuell kandidat for ei slik utprøving.

## Avløysar til alle

Norske landbrukstenester i Sunnfjord held til på rådhuset i Førde og er samlokaliserte med landbruksavdelinga i kommunen. Andelslaget har over 500 medlemmer og to fast tilsette i administrasjonen. I tillegg har Jølster landbrukstenester kontor på Skei med ein fast tilsett i administrasjonen. I Sunnfjord er det per tid tre fast tilsette landbruksvikarar. For ordninga med sjukdomsavløysing er dette langt på veg tilstrekkeleg, men for ordninga med avløysing til ferie og fritid er det vanskeleg for landbrukstenestene å rekruttere folk til stillingane.

Ei tilskotsordning for omdøme, rekruttering og kompetansebygging med mål om å styrke verdiskapinga i landbruket i Vestland fylke er tilgjengeleg for å styrke rekrutteringa. Ein rapport frå Rurals foreslår forskingsbaserte tiltak for slik rekruttering slik det vart gjort greie for i førre delkapittel.

### PRIORITERTE STRATEGIAR:

Etablere «Bondens nettverk» i Sunnfjord gjennom eit samarbeid med Norsk Landbruksrådgjeving Vestland, landbrukstenestene og andre aktuelle aktørar.

Initiere og støtte opp om prosjekt og tiltak som aukar tilgangen til avløysarar for bønder i Sunnfjord, i samarbeid med landbrukstenestene og avløysarlaga.

Bidra til å sikre trygg veterinærdekning.







# STØRRE, FÆRRE OG MEIR SÅRBARE

– Det som bekymrar meg mest, er knivseggen mange bønder balanserer på. Framover må vi bli flinkare å spørje: Korleis går det med deg?

I ein mannsalder og meir har Kolbjørn Taklo reist rundt i distriktet vårt som rådgjevar for helse, miljø og sikkerheit gjennom Norsk Landbruksrådgiving SA, region Vest.

– Vi ser at gardane blir større og bøndene blir færre. Difor er situasjonen også langt meir sårbar den dagen teknologien ikkje fungerer, straumen går eller bonden blir sjuk. Naboen ville nok gjerne hjelpt til, men i dagens moderne fjøsar kjem ein ikkje langt med å vere hjelpsam nabo. Kanskje kan kårfolket eller ungane vere avlørsarar, kanskje ikkje.

## **Fleire bønder enn før står heilt åleine om drifta på garden.**

Mange er med rette opptekne av dyrevelferd, og stadig strengare krav vert innført. Ofte medfører krava likevel eit dilemma der velferd for dyra trumfar tryggleik for bonden: Kalvingsbingar i bås-fjøs er kanskje bra for kyra, men

kva med bonden som skal løyse kyra frå kalven og setje henne på bås att? Påbodet er eit politisk kompromiss, i praksis er det ei løysing sjølv dyrlegane ristar på hovudet av.

I jordbruksavtalen aukar tilskota til avløyning. Tiltak for hjelp i kritiske situasjonar er på dagsorden. Kring om på gardane tek bøndene likevel alt for lite fri. Ei helg annankvar månad eller ei veke ein gong i året er langt under minimum av det kroppen og hovudet treng for å kvile og hente seg inn att.

Gjennom kvalitetssystema i landbruket stiller vi krav etter krav. Vi ber om dokumentasjon på alt frå beredskapsplaner til vernerunder, setebelter og brannvern. Livsviktig i seg sjølv, men ofte trur eg vi gløymer å spørje bonden om det viktigaste:  
**Korleis går det med deg?**

I år fyller rådgjevingstenesta 30 år. Framover ser vi at vi må samle oss om å slå ring om bonden. Innlandet fylkeskommune har med hell prøvd ut eit prosjekt dei har kalla «Bondens nettverk». Dette er ei form for sikkerhetsnett for bonden og bonden sine næraste: Kven kan vi kontakte når vi treng hjelp? Nettverket er forankra i kvar enkelt kommune. Vi ynskjer å prøve ut arbeidsmåten i vårt eige fylke. Sunnfjord kommune er ein særskild aktuell kandidat for eit slikt prosjekt, avsluttar den erfarne og engasjerte rådgjevaren.



**Kolbjørn Taklo**



## FINN DIN EIGEN DRENG DIGITALT

Då vi var små spurte systra mi og eg om vi ikkje kunne reise på ferie. Då sa pappa at han først måtte ringe til avløysarlaget. Vi visste at det betydde nei.

Med mastergrader i innovasjonsdesign og digital produktutvikling har søstrene Sunniva og Amalie Skrede frå Skei i Jølster ikkje gløymt barndomsdraumen om sommarferie på mjølkebruket på Skrede.

– Vi må få avløysaryrket opp og fram, seier Amalie engasjert på telefon frå jobben som utviklar i eit større selskap i Oslo. Alle vil ete lokalt, kortreist og berekraftig. Landbruket er så tett på trendane som det er råd å komme. Eg er sikker på at mange fleire kunne tenkt seg å arbeide i landbruket om dei visste at det var muleg. Om folk først får prøve seg som avløysarar er eg overbevist om at at fleire ville gå inn i landbruket som bønder også.

Minna frå barndommen har gitt oss inspirasjon til å finne betre løysingar. Søstra mi og eg har utvikla applikasjonen «Dreng».

Dreng koplar bønder og avløysarar, heilt enkelt. Du kan finne ein avløysar i ditt område, ta kontakt, gjere avtale, betale ut løn og ta fri! Motsett kan du finne ein bonde i ditt område, få jobb, få betalt og få erfaring.

Før var draumen min å reise på ferie. No er draumen min å flytte heim som gründer saman med min eigen digitale dreng!

# SAMFUNNSKRITISK KUNNSKAP



## 03.



**Snart må både Statsministeren og Kongen seie det til oss:  
Landet vårt treng folk som kan å dyrke jorda og stelle dyra**  
Liv Horvei, rektor ved Naturbruk på Førde vidaregåande skule.

# VISJON

**Sunnfjord-landbruket har eit godt omdøme med høg kompetanse og god rekruttering**

**Sunnfjord-bonden finn gode løysingar for drifta si i møta mellom erfaringsbasert, handboren kunnskap og oppdatert fagkunnskap.**

**Sunnfjord-bonden si gardsdrift er tufta på god agronomi og god dyrevelferd, reduserte klimautslepp og berekraft i økonomisk, sosial og økologisk forstand.**



Bakgrunn:

# BEHOV OG AMBISJONAR

I Sunnfjord kommune sin næringsplan er visjonen om at kommunen skal vere «Regionmotor på Vestlandet» definert.

Korleis kan Sunnfjord-landbruket ta rolla som regionmotor i høve til å utvikle og ta i bruk framtidens kunnskap, teknologi og arbeidsmåtar i eit berekraftig landbruk? Kva strategiar kan gje grunnlag for at Sunnfjord-landbruket kan ta ei slik rolle og samstundes styrke omdømmet og betre rekrutteringa til næringa?

Landbruket har ei samfunnskritisk rolle for mat-sikkerheit og mattrygghet. For næringa er tilgang til rett kompetanse tilsvarande kritisk. Difor er det viktig å styrke næringa sitt omdømme slik at ho kan vekke interesse hjå unge menneske som skal velje utdanning.

Som ein konsekvens av urbanisering og ein jordbrukssektor med auka spesialisering og færre årsverk, har fleire av oss mindre direkte kontakt med verdikjedene i landbruket. Praktisk kunnskap, erfaring og breiddekunnskap om landbruket blir likeleis ivaretatt av stadig færre.

Kompetansebehovet er derimot aukande. Vi har behov for spesialisert kunnskap på ei side, men også – og samstundes – breiddekunnskap og ei forståing av



**Utdanning er nøkkelen til utvikling slik at kvar enkelt av oss kan bidra til et berekraftig samfunn.**

heilskapen i næringa. Kunnskap og ferdigheiter vert også utvikla med erfaring og praksis.

**Med tanke på dei utfordringane vi har framom oss har samfunnet bruk for at fleire tar ei formell utdanning som er relevant for verdikjedene i landbruket. Samfunnet bør vere med å sikre denne kompetansen, saman med næringa. Også myndigheiter og forvaltning treng kompetanse om landbruk.**

Den kanskje største utfordringa i utviklinga av kompetansegejevande kurs og utdanningar framover, blir difor å setje saman ein portefølje som dekkjer behovet både for djupnekunnskap og breiddekunnskap.

God agronomisk kompetanse har god effekt på lønsemd og utnytting av garden sine samla ressursar.

Ei næring som vert assosiert med høgt kunnskapsnivå og gode mulegheiter for kompetanseutvikling vil også påverke landbruket sitt omdømme positivt.



Status:

# UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

Felles for utdanningstilboda som er retta mot landbruket er at søkinga er låg og lægre enn arbeidsmarknaden har behov for. Færre har direkte erfaring med landbruket enn tidlegare, og færre har kunnskap om verdikjedene i landbruket, kva yrke som er knytt til desse og kva det vil seie å arbeide i desse næringane.

Talet årsverk i landbruket vert redusert frå år til år. Samstundes kan auka interesse for grønne næringar, fornybarheit, sirkulærøkonomi og berekraft bidra til å auke interessa for landbruket.

**Ei spørjeundersøking retta mot mjølkeprodusentane i fylket viser at det på mange av gardane i fylket er knytt stor usikkerheit til om neste generasjon vil ta over drifta. Økonomi blir oppgitt som den viktigaste årsaka dersom drifta blir avvikla. Dei sosiale rammane kring livet til bonden vert også sett på som viktige – både faglege og sosiale nettverk.**

Landbruket er ei omstillingsdyktig næring, men rammevilkåra er i endring på ein slik måte at dei verkar i retning av at stadig fleire bønder vel å avvikle. Årsakene finst både i klima – og landbrukspolitikken, i internasjonale avtalar og i forbrukartrendar.

Klima- og landbrukspolitikken kan forsterke trenden med færre og større bruk, men den kan også bidra til å halde att strukturutviklinga slik at fleire bruk i distrikta overlever. Til ei viss grad kan også småskala produksjon med gardsslakteri, lokalmat og direkte-sal verke som ei motvekt til sentralisering og større einingar, men då må forbrukarane etterspørje desse produkta i stort nok volum til at det kan bli ei motkraft.

Forbrukartrendar kan påverke utviklinga gjennom mindre etterspørsel etter kortreist kjøtt og meir etterspørsel etter langreiste grønnsaker, men dei kan og gå i retning av auke i etterspørsel etter (lokale) norske produkt, basert på (lokale) norske ressursar.

Landbruket er ei næring som er under kontinuerleg utvikling og ligg langt framme i høve til å ta i bruk ny kunnskap og teknologi. Presisjonslandbruk og –skogbruk, robotisering og digitalisering vil prege alle ledd i verdikjedene i åra framover. Dette krev auka teknologisk kompetanse, men også evna til å kombinere fleire fagområde.


**Framtidas fagpersonar i landbruket må både ha teknologisk spisskompetanse og evne til tverrfaglegheit, fordi ein må ha større detaljkunnskap på spesifikke område utan å miste oversikta.**

Jordbruket er forplikta til å redusere sine klimautslepp. Redusert kjøttproduksjon vert trekt fram som eit effektivt klimatiltak. Dette kan medføre store negative konsekvensar både for sysselsettinga i jordbruket og utnyttinga av gras-ressursane. Difor er det mange i landbruket som arbeider for at klimatilpassinga skal skje utan reduksjon i matproduksjonen, men i staden ved endringar i sjølve arbeidsmåten, slik som med gjødselhandtering, foring og avl.

Jordbruket og skogbruket vil alt i alt ha behov for auke «grøn kompetanse» forstått som den kompetansen som krevst for å tilpasse produkt, teneste og prosessar til klimaendringane og tilhøyrande miljøkrav.

SSB spår eit auka utdanningsnivå framover. I landbruksutdanningane er det ei utfordring å finne den rette balansen mellom spisskompetanse og breid-

dekompetanse. Arbeidslivet har lite innflytelse på studietilboda, medan studentane har stor påverknad gjennom søkarmakta. Meir forskingsbasert undervisning kan føre til mindre samarbeid med lokale arbeidsmarknader. For verdikjedene i landbruket er det difor ynskjeleg med nærare samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og næringa, til dømes gjennom internships, trainee-program og liknande.



Jordarbeid og hausting av grovfor i Stardalen.



## Strategi:

# KUNNSKAP FOR REKRUTTERING OG GODT OMDØMME

Landbruket har samla sett eit godt utgangspunkt for å kommunisere positivt om næringa og dei varierte mulegheitene for ein yrkesveg i næringa. Landbruket kan i endå større grad utnytte det gode omdømmet i rekrutteringssamanheng.

Som næringsutøvar i landbruket er det gode vilkår for varierte og spennande arbeidsoppgåver, stor grad av fridom og mulegheit for kreativitet og nytenking med utgangspunkt i ressursane på garden.

Det er viktig å fortelje om dei positive sidene ved å vere bonde, særleg knytta til fleksibilitet, livskvalitet, variasjon i arbeidsoppgåver og det å kunne skape sin eigen arbeidsplass. Mulegheitene for å utnytte garden sine totale ressursar til å skape arbeid og inntekt er stor. Landbruket har dertil ein sentral plass i bioøkonomien og det grønne skiftet.

Vektlegging av kompetanse vil heve statusen og omdømmet for næringa. Vidareføring og utvikling av utdannings- og opplæringsystemet i landbruket vil vere positivt i omdømmearbeidet, og for utviklinga av landbruket sitt karriereimage.

Omdømmearbeidet bør samordnast betre gjennom ein overordna omdømmestrategi, der næringa bør vere initiativtakar. Gode døme, rollemodellar og karrieremulegheiter i landbruket må synleggjerast.

Aktørane i verdikjeda bør delta aktivt i utforminga av kompetansegejevande kurs og utdanningar. For å auke rekrutteringa må næringa vere med å synleggjere kva arbeidsplassar og arbeidsoppgåver som finst og kva dei inneber. Mange jobbar i landbruket kan ikkje konkurrere på løn. Difor er det kritisk at næringa greier å vise at arbeidet kan vere meningsfylt på andre måtar enn berre å tene pengar.

## PRIORITERTE STRATEGIAR:


Medverke til å utvikle Førde vidaregåande skule avdeling Mo som kompetansesenter for landbruket på Vestlandet. Styrke kommunikasjon mellom næringa og utdanningsinstitusjonane. Medverke til tettare samarbeid mellom avdeling for skule- og oppvekst i Sunnfjord kommune, Førde vgs og landbruksnæringa i Sunnfjord med mål om at alle elevar i kommunen besøker skulen på Mo i løpet av grunnopplæringa.

Utforske mulegheitene for ei meir praksisnær samhandling med næringa gjennom internships, trainee og mentor-ordningar i samarbeid med aktørar som Sunnfjord utvikling, Framtidsfylket og fleire. Bidra til å styrke rekrutteringa til næringa gjennom det nye yrkesretta utdanningsprogrammet for fagbrev som agronom og gartner frå 2026.

Bidra til å samordne omdømmearbeidet i næringa gjennom ein overordna omdømmestrategi. Gode døme, rollemodellar og karrieremulegheiter i landbruket må synleggjerast. Næringa sitt kunnskapsbehov og integreringa av ny kunnskap må styrkast gjennom tette samarbeid med forskingsmiljø som NIBIO og med rådgjevingstenestene.

### Strategiar for å styrke rekrutteringsgrunlaget for landbruksfaga vil vere:

- Gjere landbruksfaga meir relevante for grupper utover det tradisjonelle landbrukssegmentet.
- Tilpasse fagtilbodet til dagens kunnskapsbilete.
- Utvikle forteljinga om dei positive sidene ved å vere bonde.



– Vi trivast veldig godt i ny fjøs. Både vi og dyra, seier Eli Aabrekk og Stian Fenne frå den nye lausdriftsfjøsen på Ålhus.

# DEI BESTE ÅRA I LIVET



Ved Førde vidaregåande skule på Mo kan elevar ta naturbruk som agronom-utdanning eller hestefag og studieførebuande naturbruk ved eitt av dei mest moderne og påkosta skuleanlegga i landet.



**Liv Horvei**

– Svært mange yrke i arbeidslivet vil verdsette den praktiske utdanninga ein får på Mo, seier assisterande rektor Liv Horvei. Ein vil sjølv erfare at ein får ei allsidig og god erfaring gjennom utdanninga her, anten ein vel å avslutte skulegangen etter åra her på Mo eller ein vil studere vidare. Ei undersøking gjort blant tidlegare elevar ved skulen viser med få unntak at dei tilrår andre å gå på Mo. Mange skildrar åra ved skulen som dei beste i livet.

– Det er eit paradoks at interessa for vaksen-agronom er sterk og aukande, medan interessa for naturbruk frå elevar som kjem frå grunnskulen er svak og minkande, held Liv Horvei fram.

– Frå skulen si side ser vi at rekrutteringstiltak som ungdomscamp for elevar i ungdomssku-

len om sommaren gjev positiv interesse.

Det er likevel ei utfordring at slike tiltak er prosjektbaserte og må finansierast gjennom søknadsarbeid. Å arbeide med å styrke rekrutteringa til næringa som skal fø folketa kan ikkje skje frå hand til munn. Vi treng langsiktige, føreseielege rammer og vi bør starte arbeidet med rekruttering og omdømmebygging alt i barnehagen.

Eg ynskjer meg eit nærare samarbeid med avdelinga for skule og oppvekst i Sunnfjord kommune. Tenk om eit skulebesøk på Mo kunne komme inn i ekskursjonsprogrammet i grunnskulen! Eg drøymmer om å ta i mot alle elevar i Sunnfjord-grunnskulen på besøk til skulen vår minst ein gong i løpet av skuletida.





# HERLEG Å VERE MATPRODUSENT

Geir Støfring er leiar i Jølster bondelag og tidlegare elev på Mo jordbruksskule.

Her fortel han om drivkrafta si i arbeidet og kvifor han brenn for landbruket i heile Sunnfjord.

Det er so herleg å lage mat. Heilt frå å dyrke jorda i vakkert landskap, og heile vegen til det vert mjølk og kjøt til dei som ikkje lagar mat sjølv. Det er også ei gåve å få stelle dyr. Heilt frå lite nyfødd dyr til ferdig utvakse og ferdig kyr eller okse. Vinteren er ei tid for litt variert arbeid med vedhogst og skogsdrift som også er viktig naturbruk.

Det å skape noko nytt frå det livlause og samstundes sjå noko verdifullt komme til syne, gjev stor glede.

Vi må få alle i Sunnfjord til å heie

på bonden og det å produsere mat. Dette er ei styrking av våre lokalsamfunn og gjev livsgrunnlag for alle i heile Sunnfjord.

Vi lagar mat til omverda og byar som ikkje har evne til sjølvberging og matproduksjon. Dette samspelet kjem ofte vekk i diskusjonar om detaljar og kvardagsarbeidet.

Snakk landbruket opp, då står vi sterkare i regionen vår. Det rikfolde som kjem frå mark og skog er rikdom som kjem att og att. Det føreset at vi støttar og bidreg til at folk kan leve av landbruket i våre område.



# MINE BESTE ÅR PÅ MO



## Eli Aabrekk Vaksenagronom

På Mo vart vi raskt ein fin og samansveisa gjeng som kunne pratast og dele erfaringar. Ekstra kjekt var det å vere med på undervisninga ute der vi fekk sjå og lære i praksis!

Eg har fått ein grunnleggande kompetanse og forståing for drifta av ein gard, både når deg kjem til økonomi, dyr, planter skog og natur. Det er godt å ta med seg inn i framtida som mjølkebonde på Ålhus.



## Jonas Haugsbø Agronom

Når eg tenkjer tilbake på tida mi på Mo er mange minne knytta til det unike samhaldet oss elevane imellom, og mellom elevar og lærarar og tilsette. Dyktige lærarar som ein merka sjølv brann for faget dei underviste i.

Lenge hadde eg ein draum om å kjøpe meg gard og bli bonde, men så fekk eg arbeid i industrien etter vidaregåande. No arbeider eg i elektrolysehallen i Høyanger. Sjølv om eg arbeider i prosessindustri, har eg stor nytte av utdanninga mi som agronom i kvardagen, både på jobb og på fritida. Agronomutdanning er veldig allsidig der ein mellom anna får innføring i skogskjøtsel, økonomi, politikk, sveising, snekring og mykje meir. Eg er utruleg glad for tida eg hadde på Mo. Skulekvardagen og det sosiale miljøet var heilt eineståande, og eg skulle gjerne opplevd dei fire åra på nytt!



## Linn Therese Fennstad Buue

### Hestefag

Alle dei kjekke, lange rideturane, som vi ofte var mange som rei i lag på. Det er mine beste minne frå tida på Mo. Ein av favorittane var ridetur til Åsen eller rundt Baubrekka, som vi kalla det.

Det var sjeldant stille på internatet, vi hang ofte i lag på felleskjøkkenet i etasjane, eller i gangane kor vi spelte spel eller prata, eller så sat vi på romma våra, men med døra opa så ein alltid hadde nokon å snakke med. Eg ville ikkje vore forutan den tida eg hadde på Mo! Så mange gyldne augneblink; i stallen, i fjøset, på åkeren, på verkstaden og i timane. Eg hadde ei veldig fin klasse!

Eg har lært mykje av å gå på Mo. Påfyll av kunnskap, som eg har fått bruk for når eg har seinare har hatt ridning og andre tilbod heime i Bygstad. Det har alltid vore ein draum for meg å skulle studere på Mo, heilt sidan eg var lita. Kvar sommar køyrde eg forbi skulen saman med besteforeldra mine. Og kvar gong sa eg alltid at der, der skal eg gå når eg blir stor!



# VERDISKAPING OG RINGVERKNADER



Landbruket genererer langt større positive ringverknader enn folk flest, politikarar og byråkrater er klar over. Eg ynskjer meg ein heilskapleg samfunnsrekneskap for landbruket i Sunnfjord og Vestland som kunne synt oss heile bildet betre.

Eivind Fonn, fabrikkssjef Nortura i Førde.

# VISJON



**Sunnfjord-bonden investerer i garden sin på måtar som gjev sikkerheit for oppdrag og tenesteyting til lokalt næringsliv.**

**Sunnfjord-landbruket sikrar stabil og tilpassa råvareinngang til landbruksrelatert industri.**

**Sunnfjord-landbruket held jord og skog i drift og i hevd, både i innmark og utmark. Landbruket har ein variert og berekraftig bruks-struktur både i basisproduksjonane og i tilleggsnæringane.**

**Sunnfjord-samfunnet er kjent med og verdset ringverknadane landbruket skaper.**





Bakgrunn:

# VERDISKAPING OG RINGVERKNADER

Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktig for sysselsetjing og verdiskaping i Sunnfjord. Dette kapittelet vil kaste lys over kva verdier landbruket i kommunen vår skapar gjennom produksjon og foredling av landbruksvarer.

**Vi kan skilje mellom direkte verknader og indirekte verknader.**


Dei *direkte* verknadene kan definerast som kva omsettings-, verdiskapings- og sysselsettingsverknader landbruket bidrar til. Dette omfattar mellom anna lønsverknader for tilsette og utbytte for eigarane, altså ein heilt sentral del av verdiskapinga i bedrifta.


Ringverknader, eller *indirekte* verknader, er verknader utover desse direkte verknadene. Dette dreier seg om verknader i form av omsetting, verdiskaping og sysselsetjing for andre delar av verdikjeda for

bedrifta, gjerne i samband med underleveransar, samarbeid eller foredling og vidareforedling av dei utvalde produkta til føretaka.

Vidare gir lønsverknader og utbytte i det utvalde føretaket og i annan verdikjede, grunnlag for etterspørsel etter konsum- og investeringsvarer. Denne etterspørselen med tilhøyrande sysselsetjing, blir rekna som ein indirekte verknad eller ringverknad.

Figuren illustrerer på ein enkel måte dei såkalla ringverknadene og korleis desse forsterkar dei direkte verknadene:





– Vi byggjer stadig fleire tilbygg for mjølkeproduksjon i lausdrift. Her støyper vi botnplata til ei ny lausdriftsavdeling i tilknytning til eksisterande driftsbygning på Bjørset i Jølster, fortel Karl Ivar Sunde i Ivar Sunde AS. Tendensen er færre store fjøsar, men heile spekteret er framleis med i moderniseringa.

Innleiingsvis vil til dømes ei bedrift som nedbemannar eller blir lagd ned, medføre arbeidsløyse for eigne tilsette og fall i omsetjing hos underleverandørar. Dette gir vidare redusert inntekt og lokal etterspørsel for dei arbeidsledige. Neste trinn kan vere nedbemanning hos underleverandør og arbeidsledige tilsette. Samtidig byrjar ein del tilsette å flytte på seg fordi dei lokale jobbutsktene er svake. Dette gir verknader i form av redusert inntekt for kommunen og sterk etterspørselnedgang i anna lokalt næringsliv. Desse må igjen nedbemanne og vi får ytterlegare redusert etterspørsel.

#### **Nærare om landbruket sin sysselsettingseffekt i Vestland og Sunnfjord:**

Tar vi med tilleggsnæringar, næringsmiddelindustrien og trevareindustrien som verdikjedeeffektar, finn vi at landbruket i Vestland gir grunnlag for 0,79 syssel-

sette i andre næringar eller 1,79 sysselsette i alle næringar inkludert eigen sektor.

Når vi òg legg til forretningsmessig tenesteyting og offentleg sektor, altså dei delane av desse næringane som er lokaliserte i Vestland på grunn av landbruket i regionen, får vi ein samla sysselsetjingsverknad på 10 077 sysselsette.

#### **Tal frå Nibio syner at landbruket Sunnfjord gir grunnlag for 603 tilsette i den første kategorien ovanfor.**

Verknadane av landbruket i Vestland er mindre om ein samanliknar med intensive landbruksfylke som Rogaland (2,23) og Hedmark (2,67), som har betydeleg større produksjon i primærleddet og ein stor foredlingsindustri, men landbruket i Sunnfjord bidrar mykje til verdiskapinga i landbruksbaserte verksemder i vår region.

Status:

# VERDISKAPING OG RINGVERKNADER

Som råvareleverandørar legg bøndene grunnlaget for heile verdikjeda for mat og trevirke. Den direkte verdiskapinga vert firedobla gjennom ringverknadane på vegen frå jord til bord. I ein samfunnsrekneskap vil effekten av bonden sitt arbeid vere endå større.


Landbruket er Norges største fastlandsindustri og bidreg til å oppretthalde grunnlaget for sysselsetting og tenesteyting i ei lang rekke næringar og i den offentlege forvaltninga.

Dei økonomiske verdiane frå landbruket gjev også skatteinntekter til kommunen som er med å legge grunnlag for anna næringsverksemd i lokalsamfunna våre. At jorda og skogen driven er dertil avgjerande for vedlikehaldet av kulturlandskapa kring om i kommunen. Saman med lokal matproduksjon gjev

dette grunnlag for auka satsing på reiseliv og turisme, samstundes som landbruket sitt bidrag til levande kulturlandskap og naturmangfald er fellesgode for innbyggjarane i kommunen.

### Kva syner samfunnsrekneskapen?

Tal frå Nibio og SSB syner at 516 jordbruksforetak i Sunnfjord leverer råvarer til matvareindustrien, med utgangspunkt i eit husdyrhald som i stor grad baserer seg på grovforproduksjon og utmarksbeite, samt noko kraftforbasert produksjon:



Brorparten av desse vert foredla gjennom samvirkeforetak som til dømes TINE og Nortura. Dei bonde-eigde samvirka har som mål å sikre at medlemmene får selt produkta sine til ein best muleg pris, samstundes som samvirka sikrar forutsigbarheit og stabilitet for avsetnad på varene. Fleire av dei store landbrukssamvirka har dei seinare åra fått laga heilskaplege samfunnsrekneskap for verksemdene sine.

Samfunnsøkonomisk analyse AS har på oppdrag frå Norsk Landbrukssamvirke utarbeidd samfunnsanalyser for heile landbrukssamvirket. Slike analyser syner kva nytte landbruket har utover sjølve matproduksjonen. Tala syner korleis landbruket brødfør ei rekkje omkringliggande sektorar.

«For oss som ikkje kjenner næringa særleg godt frå før, er det overraskande å sjå kor store verdjar som vert spreidd i heile økonomien», sier seniorøkonom Bjørn Gran i Samfunnsøkonomisk Analyse.

Den direkte verdiskapinga frå landbrukssamvirka er på 9,2 milliarder kroner på landsbasis. Medrekna ringverknadane er talet oppe i 40,5 milliardar kroner, altså ei firedobling.

Ringverknadane er likevel langt større. Når bonden investerer ligg investeringsmidlane att i det lokale næringslivet. Bøndene er oppdragsgjevarar til lokale entrepenørar og handverkarar og bidreg til varehandelen lokalt.



**For oss som ikkje kjenner næringa særleg godt frå før, er det overraskande å sjå kor store verdjar som vert spreidd i heile økonomien.**

**Seniorøkonom Bjørn Gran  
i Samfunnsøkonomisk Analyse.**

#### **Naturen som ressurs for næringsutvikling**

Spreidd produksjon er ein føresetnad for at vi skal kunne utnytte jord- og skogressursane i kommunen. Sunnfjord har også rike fiske-ressursar i ferskvass-auren og store viltressursar, særleg hjort. Naturen som ressurs for næringsutvikling er rekna som ei særleg styrke i Sunnfjord kommune sin strategiske næringsplan, der landbruk og landbruksrelatert næring er eitt av satsingsområda.

**Ambisjonen om å vere ein næringsattraktiv kommune føreset eit aktivt samarbeid mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar, også i eit landbruksperspektiv.**





Strategi:

# HANDLE LOKALT. TENKE GLOBALT

Vi har bruk for å styrke kjennskapen til, og forståinga for, kva ein bidreg til når ein vel å bruke forbrukarmakta si til beste for det norske landbruket.

For å oppnå varig auke i sjølvforsyninga er ein avhengig av bidrag frå alle aktørane i verdikjeda for mat. Samstundes er det særskilt viktig at norske produkt opprettheld konkurransekrafta mot importerte varer. Dei norske varene må ha eigenskapar som gjer at dei etter ei totalvurdering, av mellom anna kvalitet, pris og produksjonsmetode, framstår som meir attraktive enn importerte alternativ.

Her kan verdiskapinga og ringverknadane landbruket gjev lokalt vere eit vesentleg insentiv for forbrukaren sitt val: Vi kjøper ikkje berre trygg norsk mat, vi kjøper levande bygder, kulturlandskap og naturmangfald.

**Korleis kan vi utvikle og styrke forteljinga om den lokale verdiskapinga slik at den blir ein del av vår felles forståing for kor viktig landbruksnæringa er, også i eit beredskaps- og berekraftsperspektiv?**

Arbeidet med å vidareutvikle Noreg som matnasjon held fram. Auka verdiskaping i jordbruket gjennom mangfaldige, synlege og tilgjengelege norske produkt og matspesialitetar er vektlagt i strategien «Matnasjonen Noreg». Det er eit mål å auke omsetjinga av lokalmat betydeleg i åra framover.

På kva måte kan Sunnfjord posisjonere seg i denne satsinga, med tanke på ambisjonen om å styrke produktutviklinga i landbruket og i det landbruksbaserte reiselivet?

## **PRIORITERTE STRATEGIAR:**

Som første kommune i landet vil Sunnfjord kommune ta initiativ til å få laga ein heilskapleg samfunnsrekneskap for verdiskapinga i landbruket. Samfunnsrekneskapen vil tene som eit styringsverktøy for å sikre auka verdiskaping og arbeidsplassar, samstundes som den vil synleggjere dei fleirfaldige oppgåvene landbruket løyser i sunnfjord-samfunnet. Samfunnsrekneskapen vil dessutan tene som kunnskapsgrunnlag for at kommunen skal kunne ta ei aktiv rolle som pådrivar for næringa og påverke rammevilkåra for landbruket positivt.

Ta utgangspunkt i dei positive erfaringane frå Storfeprosjektet og greie ut om liknande arbeidsmåtar kan overførast til andre delar av landbruksnæringa.

Ta initiativ til dialog med «Matnasjon Noreg» med mål om å utforske korleis vår lokale matkultur og mathistorie kan gje grunnlag for nyetableringar i tilleggsnæringane.

Bondeforteljingar:

# AVHENGIGE AV MJØLKE- PRODUKSJONEN I SUNNFJORD

TINE Byrkjelo ser oss som avhengige av en mjølkeproduksjon i Sunnfjord for å kunne oppretthaldast som eitt av dei største produksjonsanlegga i TINE, sier meierisjef Thorkild Heieren.

Som den største mjølkekommunen i Vestland fylke, er Sunnfjord avgjerande viktig for drifta av anlegget på Byrkjelo. I 2023 leverte 148 melkeprodusentar 23,2 mill. liter i Sunnfjord, noko som utgjer ca. 15 % av totalmjølkemengda på 158,3 mill. liter i Vestland fylke, forklarar Thorkild Heieren.

– Her på anlegget på Byrkjelo tok vi i mot 122 mill. liter mjølk i 2023. Vi produserte 11.000 tonn kvitost og 5.000 tonn brunost. Dette utgjer 40% av Norvegia-produksjonen og 65% av brunostproduksjonen i TINE.

Grovt sett gjev dette ein verdi-straum gjennom anlegget på ca. 1,5 milliardar kroner.

Vi er om lag hundre tilsette på

anlegget og kring femti som arbeider som sjåførar, rådgjevarar for mjølkeprodusentar og andre oppgåver ute på gardane.

## **Korleis håpar de ved anlegget på Byrkjelo at landbruksnæringa i Sunnfjord vil utvikle seg i åra som kjem?**

Vi håper landbruket i Sunnfjord vil utvikle seg slik at ein både i kommunen og på Vestlandet elles vil oppretthalde sin andel av mjølkeproduksjonen i fylket og i landet. Med bakgrunn i lausdriftskravet i 2034 bør ein difor bygge 35–40 lausdriftsfjøs i Sunnfjord de neste 10 åra. Ifylgje utrekningar frå Storfeprosjektet vil det kreve investeringar på ca. 390 millionar kroner.

Gjennom å fortsette det gode

samarbeidet med Storfeprosjektet og dei sentrale partnarane som er inne i dette, håpar vi at dette vil lukkast, avsluttar meierisjefen ved TINE Byrkjelo.



**Thorkild Heieren**  
Meierisjef ved TINE Byrkjelo

Bondeforteljingar:

# TRENG VEKST I DEI TRE VIKTIGASTE DYRESLAGA

For oss på Nortura i Førde er det viktig at landbruket har vekst innanfor alle tre dyreslaga både storfe, småfe og gris. Det er utviklinga på storfe vi er mest bekymra for på sikt, seier fabrikkssjef Eivind Fonn.

Investeringsbehovet for å legge om til lausdrift betyr nok kroken på døra for mange og det skjer ofte ved generasjonsskifte. Her må det gode økonomiske ordningar til for å hindre ei svært negativ utvikling, forklarar Eivind Fonn vidare.

Samstundes er det også viktig å fokusere på at vi skal produsere gris i våre område også i framtida. Storfe og gris gir oss jamn sysselsetting gjennom året og bidrar til at fabrikkjen kan ha ein stamme med fast tilsette. Grisebøndene blir ikkje nemnde så ofte og vi har relativt få i vårt område, men dei generer store verdiar. Småfe er sjølvsagt viktig det også, men skal vi handtere den store haustsesongen, må vi ha ein stor grunnstamme med fast tilsette basert på aktivitet frå både storfe og gris.

**Korleis håpar de at landbruket i Sunnfjord vil utvikle seg dei næraste åra?**

Eg ønskjer sjølvsagt at Sunnfjord kommune, som ein av dei store landbrukskommunane på Vestlandet, kan vere ein føregangskommune som motiverer, driv kunnskapsbygging og utviklar landbruket i vårt tilførselsområde.

God kunnskapsbygging trur eg er svært viktig. Landbruket genererer langt større positive ringverknader enn folk flest er klar over. Vi må få meir faktabasert kunnskap om dette. Eit «sammunnsrekneskap for landbruket i Sunnfjord og Vestland» ville gitt eit godt bilde.

“

**Storfe og gris gir oss jamn sysselsetting gjennom året og bidrar til at fabrikkjen kan ha ein stamme med fast tilsette.**



**Eivind Fonn**  
Fabrikkssjef Nortura i Førde



Bondeforteljingar:

# DRIFTSKRITISK FOR BØNDENE

Landbruket i Sunnfjord har avgjerande påverknad for verdiskapinga til Felleskjøpet på Skei. Denne lokasjonen er einaste landbruksverkstaden i tidlegare Sogn og Fjordane og vert rekna som driftskritisk for bøndene, både i Sunnfjord og resten av regionen, fortel Atle Roset, områdesjef for Felleskjøpet på Skei.

I 2023 hadde avdelinga på Skei ei omsetning på over 182 mill. kroner, ein auke frå 144 og 157 milli. dei to føregåande åra.

I 2023 var det 17 tilsette ved avdelinga, utdjuvar Atle Roset.

Gevinsten samhandlinga gir til fellesskapet og den enkelte eigar er kjerna i samvirketanken. Felleskjøpet sin formålsparagraf slår fast at ein skal bidra til å styrke økonomien til våre medlemmer i landbruksverksemda på kort og lang sikt. Ideen er like enkel i dag som den var då Felleskjøpet vart etablert for 128 år sidan: felles innkjøp gir betre innkjøp. Dette skal igjen gi ein best mogleg økonomi for den enkelte bonde.

**Korleis håpar de ved Felleskjøpet Skei at landbruksnæringa i Sunnfjord vil utvikle seg i åra som kjem?**

– Vi håpar at Felleskjøpet Skei skal halde fram med å spele rolla som ein avgjerande partner og spydspiss for landbruket i Sunnfjord og resten av regionen. Vi håpar det store, lokale engasjementet vil halde fram i landbruket, med medlemmer som er fokuserte på løysingar.

Gode lokale løysingar er avgjerande for eit framtidig landbruk i heile distrikts-Noreg. Herunder ligg både samarbeid bøndene seg i mellom, men også at det kjem på plass gode, offentlege insentiv og støtteordningar. Landbruket på Vestlandet har avgjerande påverknad på kanaliseringspolitikken for landbruket i Noreg. Denne politikken har eit mål om å leie produksjonen og ressursane frå landbruket gjennom bestemte kanalar eller marknader. I så måte er eit levande landbruk i Sunnfjord ein svært viktig bidragsytar til denne

politikken. Vestlandsbonden og distriktslandbruket generelt er avgjerande. Gjennom landbruket bidreg du til å skape arbeidsplassar, oppretthalde og styrke lokaløkonomien og lokalsamfunnet.



**Atle Roset**

Områdesjef Felleskjøpet, Skei

# LOKALE VERDIKJEDER GIR LOKAL VERDISKAPING

Skogen og vår eigen kunnskap om drift og forvaltning av skog er grunnlaget for Fjordtømmer si verdiskaping, fortel dagleg leiar i selskapet, Ingunn Kjelstad.

– Det er ikkje meir enn 15 år sidan mesteparten av hogsten her vart gjort av skogeigarar med motorsag og vinsj. I dag er det store skogsmaskiner som gjer jobben. Krav, omsyn og rammer har endra seg mykje på 15 år.

Vi som starta Fjordtømmer er oppvaksne og «oppdregne» i skogbruket i Sunnfjord. Historia, forvaltninga, skogeigarane og skogressursane er grunnlaget for forretningsideen vår. Vi vil forvalte skogen og skape verdiar på denne naturressursen sjølv.

**Korleis håpar de at skobruksnæ-**

**ringa i Sunnfjord vil utvikle seg i framtida?**

Vi håpar at skogbruket kan halde fram med å utvikle seg med god takt også i framtida, og at vi får rekruttert mange gode, unge til næringa. Vi ser det som avgjerande at ein i større og endå meir bevisst grad byggjer kompetanse og rekruttering på dei områda der ein ser at næringa kan utvikle seg. **Vi har lært oss å skape gode verdiar for skogeigarar på tømmeret, men no må vi bli betre på å få opp riktig skog på riktig areal, og ikkje minst stelle skogen gjennom heile livsløpet.**

Samfunnet har mykje å vinne på karbonbinding gjennom aktiv bruk av skogen. Og vi har endå meir å vinne på at vi tek ei aktiv rolle i å forme kva skog og skogbruk vi vil ha i framtida, understrekar Ingunn Kjelstad i Fjordtømmer.



**Ingunn Kjelstad**  
Dagleg leiar, Fjordtømmer

## SMAKEN AV EIT LANDSKAP

Kjennskap til bonden vi handlar frå, er viktig for meg. Eg veit at dyra har levd i vårt lokalmiljø, eg kjenner ressursgrunnlaget her. Eg er stolt over å kunne selje og bruke mat frå vårt eige lokalmiljø, seier Heidi Fossheim Årdal, dagleg leiar ved Jølstramuseet på Vassenden.

For oss på Jølstramuseet er landbruket i Sunnfjord av høg verdi som leverandør til våre mat- og

reiselivsopplevingar. Lokal mat der ein har kontroll over næringskjeda er viktig.

**Korleis håpar du at landbruket i Sunnfjord vil utvikle seg i framtida?**

Eg ynskjer meg meir fokus på korleis ein kan utvikle garden både når det gjeld matproduksjon, men også inn mot gardsturisme, istadenfor at vi fokuserer på kraftpengar og gondolbaner. Eg ynskjer meg ei større allsidigheit, eit meir variert utval, slik som egg, mjølk, smør, ost og ikkje minst grønnsaker for sal. Landbruket sit også på store ressurs-

ser som støylsliv, skog, innmark, utmark og fiskerettar. Det å sjå mulegheiter knytta til dette kan vi bli flinkare på. Landbruket og bonden må sjå seg sjølv meir som landskapsarkitektar og forvaltarar av natur- og dyrevelferd.



**Heidi Fossheim Årdal**  
Dagleg leiar på Jølstramuseet, Vassenden

# MANGE VEGAR TIL VERDISKAPING



“

Inat plantede jeg en stor “apal” ovenfor den nye torvgar, og jeg sad længe i halvmørket og saa paa “mine hænders gjærninger”, og jeg syntes saa smaat, at jeg begyndte at blive glad i stedet.

Nikolai Astrup i brev til Per Kramer.

# VISJON



**Sunnfjord-bonden finn si drivkraft til verdiskaping  
i landbruket i sine egne motiv og interesser.**

**Sunnfjord-landbruket har bruk for både tradisjonell og  
nyskapande næringsverksemd knytt til naturgjevne, kulturelle  
og menneskelege ressursar på gardsbruka.**

**I Sunnfjord-samfunnet finst varierte høve til å delta i  
landbruksrelaterte gjeremål og aktivitetar for alle aldersgrupper  
og på tvers av generasjonane.**





Bakgrunn:

# DET GRØDERIKE LANDET MELLOM ELVANE

*Signa kvar ærleg arbeidshand, signa vår åker med grøde.*

Slik syng vi i songen om våren, og kjenner i hjartet at det er rett.

I Sunnfjord opplever vi nærast ei folkevandring til den nyrestaurerte sjølvbergingshagen i kunstnarheimen etter Nikolai Astrup på Sandalsstrand. Dei fleste sunnfjordingar stammar frå generasjonar av bønder som dreiv slike små gardsbruk. I dalane mellom elvane rydda vi små åkerbruk og fann store beiteland. Gjennom lange vintrar og korte somrar fekk vi maten til å vare, med sol og eld, salt og vind.

For å sikre seg nok inntekter var mange likevel nøydde til å ta seg arbeid attåt. Herifrå har vi omgrepet attåt-næringar eller tilleggsnæringar. Gjennom attåt-næringane fekk ein ikkje berre ekstra inntekter, men folk fekk også utvikle evnene og interessene sine på måtar vi no ser tilbake på som vesentlege i kulturarven vår: Bygningshandverk, arbeid med tre, metall eller skinn, spinning, veving eller saum er nærliggande døme.

## **Men det var jorda og dyra som gav tryggleik for mat og levebrød.**

Framleis er det dei som dyrkar jorda og steller dyra som syter for slik tryggleik, ikkje berre for seg sjølve, men for heile samfunnet. Stadig færre av oss har den tradisjongjevne, jordbundne erfaringa frå eit sjølvbergingsbruk, men i vår tid forstår vi likevel at det hastar. Det hastar at vi lærer og forstår kvar maten

kjem i frå, på nytt. Korleis kan vi setje mat på bordet frå råvarer som kan haustast i det grøderike landet vi bur i?

## **Å ta vare på og lære av kulturlandskapa**

Kulturlandskapa i jordbruket i Sunnfjord set sitt preg på området. Dei fortel om allsidig matvareproduksjon over lang tid, gjerne fleire tusen år. Dei største kulturlandskapsverdiane er knytt til tungdrivne småbruk der dei disponible naturressursane er godt utnytta på ein berekraftig måte. Slåtte- og beitemark, bygningar og tun, gjerder og vegar, bekkar og vassdrag, skapar eit variert og særprega landskap som er viktig for tilhøyrslø, tradisjon, verdiskaping og biologisk mangfald.

Gjennom ordning «Spesielle miljøtiltak i landbruket» kan dei som eig landbrukseigedomar få tilskot til å ta vare på og fremje slike verdier. Normalt blir tilskot løyvd til tiltak som går utover det som kan forventast av vanleg jordbruksdrift på ein landbrukseigedom. Slike tiltak kan likevel vere viktige for næringsverksemd på gardsbruket, både i tradisjonell forstand til dømes som forgrunnlag for husdyra og i utvida forstand, for ivaretaking, formidling og oppleving. I tillegg stettar tilskotsordninga «Regionalt miljøtilskot i jordbruket» tiltak for skjøtsel av kulturlandskapet.

<sup>1</sup> Kjelde: [https://sunnfjord.kommune.no/\\_f/p1/iabf994a4-5d7c-472c-a471-74480ed87743/tiltaksstratgi\\_2020\\_2023.pdf](https://sunnfjord.kommune.no/_f/p1/iabf994a4-5d7c-472c-a471-74480ed87743/tiltaksstratgi_2020_2023.pdf)



Sauer beitar i haustingsskog med styvingstre i Kusslida i Førde. Bork og lauv innheld andre mineral og næringsstoff enn gras og urter i beitelandskapet elles.



Geiter beiter i styva alm i Kjøsnesfjorden. I eldre tider hadde kunnskapen om forverdiar gjerne vakrare form enn i dag: *Rognen føy, ospa gjø, almen legge smør i butt. Selje svelte, vie velte, oren legge daudt for dør.*

Status:

# TILLEGGSNÆRINGAR I DAG


I dei seinare åra har det vore satsa mykje på tilleggsnæringar i landbruket. Det har vore lagt vekt på å nytte ut alle ressursane på gardsbruket i nærings-samanheng. Det har mellom anna vore satsa på landbruksbasert reiseliv og foredling av råvarene som vert produserte lokalt, slik at ein større del av verdiskapinga vert verande på bruket. Inn på tunet er ei anna satsing. På Inn på tunet-gardane vert garden nytta som arena for ulike velferdstenester.

Å ha ein eller fleire tilleggsnæringar er relativt vanleg for jordbruksføretaka, og i Vestland driv heile 48 prosent av føretaka ei eller fleire tilleggsnæringar. Utmarksnæring og leigekøyring er dei mest vanlege tilleggsnæringane i Vestland. Av dei som driv tilleggsnæring, er det 22 prosent som driv ei eller anna form for utmarksnæring, og 21 prosent som driv med leigekøyring. Også tenesteyting og utleige er vanleg.


Grensegangen mellom tilleggsnæring og tradisjonelt jord- og skogbruk kan av og til vere uklar. For eksempel for vedproduksjon er verdien av trevirket med i skogbruket, medan meirverdien ved foredling til ved, kjem som tilleggsnæring. Produksjon av juletre og pyntegrønt er definert som tilleggsnæring i landbruksteljinga, men vert også rekna som ein del av skogbruket. Her kan difor noko av verdiskapinga bli rekna både som tilleggsnæring og som skogbruk.

## Sunnfjord størst i fylket

Verdiskaping frå tilleggsnæringar, rekna som bruttoprodukt, er berekna til 364,3 mill. kr for Vestland i 2020. Det er ein auke på 18 prosent frå 2016, medan det var svært liten endring frå 2013 til 2016.



Bruttoprodukt tilleggsnæring, mill. kr



Når det gjeld sysselsetting i tilleggsnæring, er det Sunnfjord som har høgast sysselsetting i tilleggsnæring med 35,3 årsverk<sup>1</sup>.

<sup>1</sup>Kjelde: [https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/3002544/NIBIO\\_RAPPORT\\_2022\\_8\\_102.pdf?sequence=9&isAllowed=y](https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/3002544/NIBIO_RAPPORT_2022_8_102.pdf?sequence=9&isAllowed=y)





Stadeigne husdyr-rasar som Vestlandske fjordfe har eigenskapar som eignar seg godt i eit berekraftig matsystem i eit framtidsperspektiv.



Fjordhesten er Noreg sin nasjonalhest. Han vart avla fram på vestlandet og avlsarbeidet i Sunnfjord har vore vesentleg for den allsidige hesten med det gode lynnet.



Strategi:

# FORTIDA KAN FORTELJE OM BEREKRAFT FOR FRAMTIDA

Større landbruks-strategiske planar på internasjonalt og nasjonalt nivå svarar godt til ei satsing på å styrke mangfaldet i verdiskapinga på lokalt nivå i Sunnfjord.

I EU sitt grøne skifte legg to strategiar føringar for utviklinga i landbruks-sektoren: Den såkalla «Farm to Fork»-strategien og kommisjonen sin eigen biodiversitets-strategi. Strategiane må sjåast i samanheng og skal bidra til at bønder, næringsliv og forbrukarar arbeider tettare saman for å få til eit meir rettferdig, robust og berekraftig matsystem.

Også i Noreg er strategiar knytt til berekraftige mat-system fokuserte kring samspelet mellom landbruk, helse, kunnskap, kulturarv og berekraft.

Visjonen for «Matnasjonen Noreg» som vart vedtatt i Stortinget i 2020 er formulert slik:

**«I 2030 er mat en kilde til matglede, stolthet, god helse og fellesskap i hele befolkningen, og er et synlig element i turistlandet Norge. Norge er internasjonalt kjent for en spennende matkultur, sin store sjømateksport og mat- og drikkeopplevelser med norske råvarer i verdensklasse.»**

## PRIORITERTE STRATEGIAR:

Ta vare på kulturarven i landbruket og kunnskapen om bruk av våre lokale for- og matressursar og korleis stelle jord og husdyr i våre bygder, under våre forhold og føresetnader, både når det gjeld klima, jordsmonn og terreng. Utforske moglegheiter for meir frukt og grønt-produksjon.

Utvikle forteljinga om, og produktutviklinga kring, landbrukets kulturarv og vår matkultur. Utvikle strategiar for bruk av våre lokale mattradisjonar og matkultur som grunnlag for næringsutvikling. Styrke satsinga på støylsdrift og rådgjeving kring setertilskot.

Styrke samhandlinga om formidling av historia i Sunnfjord, mellom landbruksnæringa, reiselivet, kulturlivet, museumsverda og andre relevante aktørar, dessutan medverke til tett dialog mellom landbruksnæringa, grunneigarar, reiselivet og friluftslivsaktørar med mål om å legge til rette for ferdsel og redusere potensiale for konflikt.



Bondeforteljingar:

# BAKERIET UNDER BREEN

– Når eg ser ut glaset, på fjella, fjorden og breen, tenkjer eg på at her inne i Kjøsnesfjorden har vi klart å skape eit levebrød ved å bake slik besta bakte. Då gløymer eg at eg somme tider vert lei av å kjevle.

Reiser du austover frå Skei langs Kjøsnesfjorden kan du ta av langs ein smal, smal veg til Søgnesand. Namnet kjem truleg av «vegen til Sogn» og spor etter vikingar fortel at vegen har vore brukt lenge. Vegene til Søgnesand er likevel ikkje nokon allfarveg. Ikkje ein gong alle Jølstringar har vore her. Vegene fortel om vilje, vilje sterkare enn stein. Vilje til å bu og leve her.

– Besta budde i dette huset. No er det vårt bakstehus. Eg trur ho hadde vore kry over oss, smiler Hilde Søgnesand som saman med Anne-Grete Førde eig og driv Jølster bakst.

– Vi sel alt vi lagar, utdjupar

Anne-Grete. Vi kunne sikkert baka meir, tilsett fleire, utvida og modernisert? Nei, vi trivst med drifta i bakeriet slik den er. Vi driv også gard, begge to. Hilde og familien har geiter her på Søgnesand og vi har mjølkekyr i Førde.

– Små kornårkrar kring tuna og store beiteland i fjella har lagt grunnlaget for utviklinga av ekte mat-handverk på gardar som våre, heilt frå middelalderen og framover mot vår tid.

Tradisjonsbaksten er mykje meir enn kjevling, steiking og baking. Handverket fortel om berekraftige levemåtar eg trur vi har bruk for å lære meir om, avsluttar Anne-Grete Førde.





## Bondeforteljingar:



# NÅR TO KYR ER NOK

Kjøsnes matauk er ein nykommar i lokalmatlandet, men rømmasken Ragnhild Kjøsnes og Ole Langvik-Hansen lagar frå mjølka til fjordfe-kyrne Lillemor og Engel får folk til late att augene og tenke på sommardagar på støylen for lenge sidan.

### Kva er drivkrafta di bak Kjøsnes matauk, Ragnhild?

Det er viktig å ta vare på kunnskapen som finst om korleis ein kan ernære seg her. Å halde fram med å gjere det andre stadar, til dømes ved å utvinne fosfor i afrikanske gruver, sende det til Brasil for å dyrke plantar, sende plantane hit og sleppe mykje av det rett i havet, veit vi alle at ikkje går i lengda.

Eg drøymmer om at alle som et mat skal oppdage kor stort samfunnsproblem det er at vi har blitt lurt av daglegvarekjedane til å tru at mat bør vere billig. At vi skal forstå at kva vi et er viktig for samfunnet vårt, for det biologiske mangfaldet, landskapet, tryggleiken, helsa og identiteten. At vi, både som enkeltmenneske og som samfunn, blir villige til å betale for kvalitet. Ein tomat kan vere verdt titals gongar så mykje som ein annan både når det kjem til smak, næringsinnhald og kva verknadar produksjonen har hatt på miljø og samfunn.

# MED HJARTE FOR FOLK OG DYR



Foto: Innovasjon Norge

Martha Angedal er eigar og dagleg leiar av Inn på TUNET-bedrifta Angedal Gard AS. Ho er oppvaksen på garden og såg tidleg kva nytte og glede arbeid på gard kunne gje enkelt-personar, særleg dei med mangel på meistringsopplevingar.

## Kva er drivkrafta di bak Angedal gard, Martha?

Vi ynskjer å gje eit individuelt tilpassa tilbod som inneheld ein aktiv og innhaldsrik kvardag, med fokus på meistring og gode opplevingar. Det er mange aktivitetar og oppgåver på garden, slik som stell av dyr og planter, skogsdrift, vedlikehald av maskiner og bygningar.

Kva aktivitet ein legg vekt på vil variere ut i frå brukar sitt ønske og behov. I tillegg til arbeidet på garden kastar vi oss ut i ulike aktivitetar som bading, kanotur, fiske, telttur i skogen, sykkelturnar om sommaren, og ski, aking, bålgrilling og uteleik om vinteren.

Med gardsdrift, dyr, natur og sosialt samvær som ramme, er målet ein god og innhaldsrik kvardag fylt av ein god blanding leik og moro, arbeid og meistring.

# SMAKEN AV SUNNFJORD

## Håjen gardsmat

– Det er viktig for meg å ta vare på og dele mattradisjonar som eg vaks opp med. Bruk av lokale råvarer er sjølvstekt og det gjev ei god kjensle å kunne fortelje kor maten kjem frå, fortel Else Slettehaug som driv Håjen gardsmatutsal og kafé i Naustdal.

– Håpet for framtida er at det framleis finst bønder lokalt som vi kan samarbeide med slik at vi kan helde fram med lokal matformidling.

## Jølstramuseet

– Første gongen vi hadde selskap i tunet skulle vi vere i Strandstova. Frode, mannen min, og eg fiska Jølstra-aure til heile selskapet. I elva, med stang! Eg kjende kor tilfredstillande det var å hente heim råvarene frå landskapet sjølv. Då vi bygde restauranten i låven i 2014, vart auren raskt vår signaturrett. Seinare har vi bygd menyane våre kring fleire og fleire smakar frå Jølster, fortel Heidi Fossheim Årdal som driv Jølstramuseet og restaurant Låven på Vassenden i Jølster.

## Stardalen sommarkafè

Vil du treffe dei som bur i bygda og slå av ein prat med nokon du ikkje har prata med før, skal du ta turen til den trivelege kaféen inst i Stardalen. Med norsk tradisjonsmat på menyen og lange bord finn ein seg plass saman med både dei ein kjenner og dei ein ikkje kjenner. Søndagsmiddagen i Stardalen er eit populært høgdepunkt for både tilreisande og fastbuande.

## Eldalstunet

I Fosselandet nedst langs Gaularvassdraget ligg Eldalstunet der Henning og Marit ynskjer deg velkomne nett slik: Med fornamn, personleg og heime på sin eigen gard. Søndagsmenyen er av det tradisjonelle slaget også her, gjerne med råvarer frå garden. Så ventar kaker og kaffi i ei heimkoseleg atmosfære der praten går lett og det stadig går i døra når nye gjester kjem til gards.





Bratt stuper bakkane mot Jølstravatnet, men i dei solvende sidene smakar blomar og bær søtt av lys. I Ytstebakken i Årdalen serverer Camilla Aasen deg Jølster i eit glas!



# Med fingrane i jorda i Sunnfjord



## Skulehagen på Vassenden skule.

Inspirert av skulebesøk hjå bonde Silja Juklestad, samt den nasjonale merksemda og interesse for skulehagar generelt, har Vassenden skule starta opp med skulehage. Elevar som har arbeidslivsfag som valfag har hatt ekstra ansvar. Dei har sett poteter og løk og sådd gulrot. Det har vore kjøpt småplantar på Mo jordbruksskule. I skulehagen har dei og fått hjelp frå bonden Geir Ståle Støfring. Han har fresa potetåkeren og levert husdyrgjødsel.



## Gardsutsalet på Mo:

Gardsutsalet er ei bedrift ved Naturbruk på Førde vidaregåande skule, der elevane tar del i produksjonane. I gardsbutikken tilbyr dei eit breitt utval av grønsaker av god kvalitet i sesongen juni til desember. Kjøt og fiskeprodukt blir foredla her i eige foredlingsanlegg og egg kjem i frå fjøset på garden. Dei har også gartneri der dei produserer eit stort utval sommarblomar, grønsaksplanter og julestjerner.



## Vie andelslandbruk:

Eit andelslandbruk er ei form for direkte omsetnad og dialog mellom gardeigar og forbrukarar. Kjerna i ordninga er at forbrukarar kjøper andelar av produksjonen på garden, til dømes for eitt år om gongen, og deler difor risikoen for årsvariasjonar i avlingane. Vie Andelslandbruk var det første i sitt slag i Sogn og Fjordane. Kring 50 andelseigarar deltek med planting, luking og hausting under leiing av gartner Hanna Bruland.



## Grøderike Sunnfjord:

Det er viktig for ein stor landbrukskommune som Sunnfjord å bidra til å føre vidare kunnskap om dyrking, også for dei jordlause i by. Prosjektet skal skape attraktive hagerom for dyrking, nettverksbygging, samskaping og matkultur. Alle kan delta og det er planlagt fleire nærmiljøhagar i Førde.





Frå opninga av den nyrestaurerte sjølvbergingshagen i Astruptunet. Dronning Sonja og landskapsarkitekt Ingeborg Mellgren Mathiesen plantar rabarbra.



# EI TRYGG FRAMTID I LEVANDE LANDBRUKSBYGDER



# 06.

“

Kva hjelper det at vi held oppe volumet, om vi legg ned samfunnet?  
Vi må utvikle landbruksnæringa slik at folk vil bu i grendene, elles  
er vi sjanselause.

Per Magne Bell, geitebonde på Viksdalen

# VISJON



**Sunnfjord-bonden held jord og skog i drift og i hevd gjennom berekraftig bruk av ressursane.**

**Sunnfjord-landbruket vert forvalta med omsynet til berekraftig matproduksjon og levande bygdesamfunn for auge. Det gjeld i handhevinga av konsesjonslova så vel som i oppfølginga av bu- og driveplikta.**

**I Sunnfjord-samfunnet finst møteplassar og metodar for å styrke grendene som bumiljø gjennom dialog med landbruket.**





Bakgrunn:

# LEVANDE LANDBRUKSBYGDER FOR EI TRYGG FRAMTID

Eit aktivt jordbruk og ein berekraftig matproduksjon er avgjerande for å skape gode kvardagsliv og ei trygg framtid i samfunna våre.

Krig, ustabile forsyningar av mat og energi og store klima- og miljøutfordringar pregar kvardagen til millionar av menneske verda over. Den globale usikkerheita understrekar tydinga av eigen matproduksjon som ein viktig del av beredskapen mot kriser i Noreg. Samstundes understrekar desse utfordringane at aktive bønder og levande bygder inneber beredskap også i møte med skadesituasjonar og ulukker som skjer i lokalsamfunnet vårt.

Riksrevisjonen la hausten 2023 fram sin rapport *Mat-sikkerhet og beredskap på landbruksområdet*. Her påpeikar dei at mykje av maten i Noreg er importert, og at forvaltinga ikkje kjenner potensialet for å omstille produksjonen eller forbruket i ein krisesituasjon. Riksrevisjonen konkluderer med at det er kritikkverdigg at arealressursane i jordbruket ikkje vert forvalta på ein fullt ut berekraftig måte, og at dreneringsaktiviteten er lågare enn behovet.

Produksjonsgrunnlaget vert svekka av at betydelege jordbruksareal av god kvalitet vert bygd ned og omdisponert, og Riksrevisjonen fann svakheiter ved bruken av verkemidla som skal ivareta dyrka og dyrkbar jord samt at oppfølginga av driveplikta er svak.

Næringskomiteen behandla Riksrevisjonen sin rapport i Innst. 173 S (2023–2024).


Ein samla komité viste til at:

«[...] nasjonal mattryggleik byggjer på tre sentrale føresetnader: **kontinuerleg nasjonal produksjon av mat, sikring av produksjonsgrunnlaget og eit velfungerande handelssystem. Å ta i bruk landbruket sine ressursar over heile landet (...) er nødvendig for å kunne produsere mat til eiga befolkning.**»

Stortingsmelding 11 (2023–2024) foreslår strategiar for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og ei plan for opptrapping av inntektsmulegheitene i jordbruket.

**Hovudstrategien som vert lagt til grunn for arbeidet med auka sjølvforsyning er å forbetre og auke produksjon av planteprodukt, både til mat og til fôr, på ein måte som styrkar jordbruket si konkurransekraft mot import.**

Arealbarometer frå NIBIO syner at nærare 40 tusen dekar i Sunnfjord kommune er definert som dyrkbar jord, det vil seie jord som held krava til klima og jordkvalitet for å kunne fulldyrkast for planteproduksjon.




### Dyrkbar jord fordelt på arealtypar

| Dyrkbar jord fordelt på arealtypar | Dekar         | %          |
|------------------------------------|---------------|------------|
| Overflatedyrka jord                | 952           | 2,6        |
| Innmarksbeite                      | 4 216         | 11,5       |
| Skog                               | 12 443        | 33,8       |
| Open fastmark                      | 2 590         | 7          |
| Myr                                | 16 569        | 45,1       |
| <b>Sum</b>                         | <b>36 770</b> | <b>100</b> |

Kjelde: Dyrkbar jord, årsversjon 2022, NIBIO

Per tid er jordbruksareala i Sunnfjord av følgjande storleik og vert brukte på følgjande måtar:



| Veksttype     | Dekar         | %          |
|---------------|---------------|------------|
| Innmarksbeite | 27 630        | 31,8       |
| Grovfôr       | 59 361        | 68,2       |
| Korn          | 0,0           | 0,0        |
| Potet         | 9             | 0,0        |
| Grønnsaker    | 9             | 0,0        |
| Frukt og bær  | 0,0           | 0,0        |
| <b>Sum</b>    | <b>87 009</b> | <b>100</b> |

Kjelde: Produksjonstilskot 2023, Landbruksdirektoratet

### Samfunnsoppdrag og samfunns mål

Jordbruket sitt samfunnsoppdrag er å sikre befolkninga nok og trygg mat produsert på norske naturressursar, og gjennom dette bidra til sysselsetjing i heile landet, god ernæring og helse. Ein berekraftig matproduksjon og auka sjølvforsyningsgrad handlar òg om andre viktige samfunns mål, som til dømes verdiskaping, arbeidsplassar og god folkehelse.

For samfunnet er berekrafta til jordbruket knytt til ytterlegare fellesgode, som velhaldne kulturland-

skap og landbruksbygningar, bevaring av biologisk mangfald, busetjing i distrikta, matkultur, kosthald og helsemessig trygg mat.

Å oppretthalde landbruksmiljøa i bygdene våre er heilt avgjerande; Ikkje berre for å oppretthalde familielandbruket og produsentmiljøa, men også for å utvikle og oppretthalde lokalsamfunna våre, både for trygge kvardagsliv og beredskap i kriser.

Status:

# LEVANDE LANDBRUKSBYGDER MED PISK OG GULROT

Når målet er levande landbruksgrrender kan motivasjonen kveikjast både med pisk og gulrot. Dei nasjonale strategiane for auka sjølvforsyning samsvarer godt med måla for den lokale temaplanen for landbruk i Sunnfjord:

I bestillinga frå kommunestyret vert ein oppfordra til å utarbeide strategiar for at jordbruksarealet ikkje skal reduserast, mellom anna gjennom strategiar for å ta i bruk småbruk som ikkje er bebudde eller vert drivne. Ein ser det som viktig både å ha fulltids- bønder med stordrift og å rekruttere deltidbønder på mindre bruk for å få tilflytting, skape eit godt fagmiljø og liv i grendene.

Desse målsettingane aktualiserer korleis Sunnfjord kommune kan forvalte vilkåra for buplikt på landbrukseigedomane fordi buplikta kan bidra til å:

- Styrke busetnaden og vekstkrafta i grender med lågt folketal og svak folketalsutvikling.
- Betre føresetnadane for samarbeid om fellestiltak på tvers av landbrukseigedomar (for eksempel knytt til landbruksveggar, viltforvaltning og beite- og utmarkslag).
- Legge til rette for at dei som vil bu på og drive gardsbruk får høve til å skaffe seg landbrukseigedomar.

Konsesjonslova § 11 gjev høve til å setje vilkår for konsesjon for erverv av fast eigedom. § 11 lyder slik:

*«Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad. Kongen skal ut fra hensynet til bosetting, helhetlig ressursforvaltning og kulturland-*

*skap ta stilling til om det er påkrevd å stille vilkår om boplikt, og om boplikten skal være en personlig plikt for eier».*

Kommunen pliktar å vurdere om buplikt skal stillast som vilkår for å ta i vare omsyna i lova. **Det vanlege har vore å setje ein frist for kor tid kjøpar skal vere busett på bruket og at han deretter må bu på bruket i minimum 5 år.** I tillegg kviler det ei lovbestemt buplikt på dei som etter nær slekt tek over eigedomar konsesjonsfritt.

Dersom vilkår ikkje vert etterlevd vil kommunen vanlegvis trekke attende konsesjonen. Det vil bli sett ein frist for innehavaren til å overdra eigedomen til nokon som lovleg kan ta over. Dersom fristen ikkje vert halden vert Statsforvaltaren varsla. Statsforvaltaren kan då gjennomføre tvangssal av eigedomen.

Per i dag er det 101 eigedomar der det er sett vilkår om buplikt, og plikttida ikkje enno er avslutta. 93 av desse knyter seg til konsesjonar i dei tidlegare kommunane i Sunnfjord.

## Gode møteplassar

Samstundes aktualiserer målsettingane om eit differensiert og berekraftig landbruk i levande bygdesamfunn behovet for å skape møteplassar og gode miljø, både faglege og sosiale, både i landbruken og på tvers av sektorane.

Sunnfjord utvikling har med støtte frå Vestland fylkeskommune starta arbeidet med å utvikle fleire slike møteplassar, mellom anna gjennom ein årleg landbrukskonferanse for målgruppa: Dertil arbeider ein med å utvikle fire mindre arrangement ute i grensene som ein møteplass mellom bygdefolk generelt og næringa spesielt.

Ved å synleggjere for samfunnet dei gode døma på kva som eksisterer i vår region innan tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar, vil ein auke kunnskapen i samfunnet generelt.

**Slik kan ein bidra til å auke stoltheita i næringa, som igjen kan bidra til auka investeringsvilje og endeleg auka rekruttering til næringa.**

Ei drivkraft i arbeidet er at det skal bli enklare for dei ulike aktørane å inngå samarbeid når ein veit om kvarandre. Dette kan igjen føre til større satsingar innan til dømes reiselivsnæringa der ulike aktørar som samarbeider kan tilby eit breiare spekter av tenester.



Frå Landbrukskonferansen på Skei i november 2024, ein av møteplassane for aktørane i landbruksnæringa.



Strategi:

# LEVANDE LANDBRUKSBYGDER I SUNNFJORD

Gjennom ei heilskapleg forståing av landbruket sine oppgåver i samfunnet finst spor å fylgje, både mot bulyst, berekraft og beredskap.

Tek ein utgangspunkt i dei nasjonale strategiane for arbeidet med auka sjølvforsyning er marsjordren til landbruket først og fremst knytt til å forbetre og auke produksjon av planteprodukt. Det gjeld både til mat og til fôr, på ein måte som styrker jordbruket si konkurransekraft mot import.

Sunnfjord kommune si plan for klimaomstilling foreslår fleire konkrete tiltak som vil styrke jordbruket og skogbruket i ei slik retning, til dømes:

- godt skjøtta dyrka jord, som gir gode avlingar med lite bruk av kunstgjødsel og sprøytemiddel.
- god utnytting av beiteressursar, som gir mindre behov for kjøp av fôr.
- god utnytting av husdyrgjødsel, som reduserer behovet for kunstgjødsel og hindrar ureining.
- hogst av skog til rett tid og i rett mengde.
- rask forynging etter hogst.
- god skogskjøtsel, som maksimerer tilvekst.

Frå lokale myndigheiter kjem oppmodinga om å hand-

heve bu- og driveplikta for å sikre at jord og skog vert halde i drift og i hevd, samstundes som bumiljøet i grendene vert styrka.

Eit arbeid med å utvikle møteplassar for kunnskapsdeling internt i næringa, og dialog mellom næringa og samfunnet elles, er finansiert gjennom regionale utviklingsmidlar til Sunnfjord utvikling.

**Den naudsynte, krevjande samtalen om forvaltninga av det samla ressursgrunnlaget i grendene for å sikre både bulyst, beredskap og berekraft kan vere utgangspunkt for eit større utviklingsarbeid.**

Vi treng metodiske perspektiv på korleis ein slik praksis kan etablerast og trygge alle involverte. Her vil det vere aktuelt å involvere både fagmiljø og forskingskompetanse knytt til andre disiplinær enn dei reinte landbruksfaglege.


Landbruksdirektoratet forvaltar nasjonale utviklingsmidlar som kan vere aktuelle finansieringskjelder her.

## PRIORITERTE STRATEGIAR:

Auke gardbrukarane si interesse for god agronomi, drift av jordbruksareala og utnytting av ressursane på garden, for å auke verdiskapinga i landbruket.

Halde fram med å handheve og stille vilkår om buplikt på alle landbrukseigedomar som er underlagt krav om konsesjon gjennom konsesjonslova. Utarbeide retningslinjer for tilsyn med, og handheving av, driveplikta i tett dialog med næringa. Invitere til drøftingar om kva type drift som skal kvalifisere for driveplikt.

Utvikle ein kunnskapsbasert metodikk for betre og meir systematisk dialog om ressursforvaltninga i grendene. Halde fram arbeidet med å utvikle møteplassar i landbruket og i grendene.





# LYS I ALLE FJØS

– Kva hjelper det at vi held oppe volumet, om vi legg ned samfunnet? At vi byggjer store fjøsar, men legg ned skulen? Vi må utvikle landbruksnæringa slik at folk vil bu i grendene, elles er vi sjanselause.


“

Ei vitjing hjå Per Magne Bell gjev ei kjensle av å bli varsla.

Når eg står i tunet vårt oppe på Øvre Bell og ser nedover dalen etter kveldsstellet i geitefjosen ser eg lys i alle fjøs. Det gjer meg verkeleg glad. Vi har greidd å stokke om på ressursane i grenda vår slik at vi har drift på gardane. Her er gjerne litt for få kvinnelege landbrukarar, men det kan eg ikkje legge meg opp i. Det får vere ei privatsak, smiler Per Magne Bell, mangeårig leiar i småbrukarlaget og geitebonde på Viksdalen.

Sjølv fann han kona si Kirsti då han studerte husdyrfag på landbruksskulen på Ås på 70-talet. – Ho er fødd i Kristiansand, så det var ei bydame eg fekk med meg til Bell. Men ho hadde stor interesse for landbruket og utdanna seg innanfor plantefag. Vi snakka mykje om korleis garden kunne bli ein del av framtida vår, og fann løysingar i lag. **Det vart ei lysare framtid då ho kom.**

– Vi ville prøve å leve av garden,



og vurderte kva vi kunne satse på. Valet stod mellom frukt og bær og geit. Valet fall på geita med støyldrift om sommaren. Det har gått bra. Eg har gledd meg til å gå på arbeid i 40 år, men eg oppdaga fort at verda ikkje er slik ho såg ut når eg sat på skulebenken på Ås, ler bonden frå Bell.

– Eg arbeidde nokre år i rådgjevingstenesta. Der såg eg mange døme på at det ikkje alltid var samsvar mellom høge investeringar og god dyrevelferd. Heile tida har vi blitt fortalt at dersom vi går opp på dimensjonane skal vi få betre betalt. Det har ikkje slått til. Samstundes har vi laga eit a-lag og eit b-lag internt i næringa, mellom heiltidsbonden og deltidbonden. Det verkar som vi gløymer at bygdene våre har overlevd på at folk har laga seg gode kombinasjonar.

Spørsmålet vi bør stille oss er:

**Kor mange liter mjølk må vi produsere for å halde oppe ein skule i ei grend?**





Visst vi byrjar å sjå på kor få menneske som er på arbeid per dyreeining, så har vi aldri vore så sårbare og hjelpelause. No kryp jordbruket ned frå dalsidene og samlar seg på flatene. I næringa diskuterer vi talgrunnlaget, ikkje agronomien.

### Det er eit sjølvskot for oss bøndene.

Vi snakkar om at vi ikkje vil tilrå neste generasjon å ta over. Men kva veit vi om neste generasjon? Tidene forandrar seg og folk forandrar seg. Vi må slutte å kjøkkenbord-vaksinere ungene våre mot å gå inn i landbruket.

Eg hørde nett på radioen at no er kvar femte ungdom ute av arbeid og skule. Slik skal det ikkje vere. Har du interesse finst det alltid mulegheiter på ein gard. Vi har hatt vår tid, no har dei si. Dei lyt få gjere ting på sin måte.

Vi har vore heiltidsbrukarar. Heiltidsbrukar, kva er det? Heiltidsbrukar kan du vere når du utnyttar ressursane på garden din. Det handlar om å vere heiltid oppi skallen, ler Per Magne Bell med alvorlet tett bak smilet.

Kva er storsamfunnet si hjelp til dei som vil busetje seg på ein gard? Kva med å setje konsesjonsgrensa til null? Driveplikt er noko herk! Kva med å handheve buplikta betre? Somme tider er det best å selje.

Mange er heilt eller delvis daue før det blir snakk om å selje ein gard. Den praten må vi hjelpast åt å ta, kring om i grendene.

**Beredskap er ikkje kuler og krut, beredskap er lys i husa og fjøsane.**



Landbruksmaskinene på Bell er ikkje som andre maskiner i sunnfjord-landbruket. Små, men effektive i dei bratte bakkane.

# ALLE VEIT AT VI MÅ HA MAT

Eg hadde ikkje vore meg utan garden og dyra. Eg har alltid visst at eg ville bli bonde. Draumen er å drive med sau på heiltid.



Nyleg mottok Elisabeth Solheim Brekke (28) frå Bygstad utmerkinga «Årets avløyser» frå Norske landbrukstenester. – Ja, det var sjølvsagt utruleg kjekt, eg likar meg skikkeleg godt i jobben min. Bønder er bra folk! Alltid så hjelpsame. Dei tek seg tid til å hjelpe, sjølv om dei ikkje har tid. Bønder er til å lite på.

– Eg hugsar i fjor, då eg hadde for lite råmjølk til lamma mine. Eg la ut ei melding i ei gruppe på facebook som heiter «Bønder i Sunnfjord». Om nokon hadde ekstra kyrmjølk eg kunne få hente? Straks fekk eg mange svar. Slik er det i landbruket. Vi hjelper kvarandre, men visst det skal vere slik framover må vi vere mange nok til å kunne gje kvarandre ei hjelpande hand. Vi er i ferd med å bli for få, både folk og dyr.

– Eg ser det i fjella her i Bygstad. Landskapet endrar seg, gror att. Beita vert dårlegare når dei vert mindre brukte. Sauene fer vidare, vert vanskelegare å finne og få heim. Eg drøymmer om å drive med sau på heiltid. Berre det kunne løne seg såpass at eg kunne få nokolunde betalt for jobben. Matbaronane grev til seg alt for mykje av overskotet! Og berre vi kunne vere fleire, slik at vi hadde eit miljø og eit fellesskap. Eg treng jord, eg og. Vi styrkar ikkje landbruket med å samle alle ressursane under få og store gardar. Tvert imot.

“

## Ikkje noko er meir framtidsretta enn å satse i landbruket

Same kven som driv, må i alle fall matjorda vernast. Vegar og andre utbyggingsprosjekt sler føtene under oss. Det skulle vore forbode å bygge ned matjord!

Du høyrer at eg ikkje kunne vore politiskar med mitt temperament, ler Elisabeth.

Eg likar meg godt i Bygstad, vi har eit triveleg lokalmiljø med gode møteplassar. Vi har faktisk to butikkar i bygda, det er slett ikkje verst. Vi har ny barnehage, idrettshall og pub. Alt ligg til rette for gode kvardagar her. Eg har trua. Og eg har trua på ei framtid som bonde, trass alt.

Ikkje noko er meir framtidsretta enn å satse i landbruket. Alle veit at vi må ha mat.

Oversyn:

# UTVALDE TILSKOTSORDNINGAR I LANDBRUKET

## Nasjonale tilretteleggingsmidlar i landbruket:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/prosjektmidler/alle-prosjektmidler/midler-til-nasjonale-tilretteleggingstiltak-i-landbruket-nt>

## Andre prosjektmidlar i jordbruket:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/prosjektmidler/alle-prosjektmidler/midler-til-nasjonale-tilretteleggingstiltak-i-landbruket-nt>

## Andre prosjektmidlar i skogbruket:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/prosjektmidler/alle-prosjektmidler?industryId=4f979c5f-f994-40b5-83fd-55fec8389c46&am-p;categories=7ea53a48-05f1-482f-af8f-e9c1d8193c04>

## Næringsutvikling i landbruket – tilskot til aktivitetar i kommunane:

<https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/bransjar-og-omstilling/landbruk/utvikling/>

## Tilskot til rekruttering og kompetanse i landbruket:

<https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/bransjar-og-omstilling/landbruk/utvikling/>

## Tilskot til regionale tilretteleggingstiltak i landbruket:

<https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/bransjar-og-omstilling/landbruk/utvikling/>

## Tilskot til tiltak for innlandsfisk:

<https://www.vestlandfylke.no/Klima-og-natur/tilskot-til-tiltak-for-innlandsfisk/>

## Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling:

<https://www.vestlandfylke.no/folkehelse/tilskot-til-berekraftig-samfunnsutvikling/>

## Innovasjon Norge sine tilskotsmidlar til tradisjonelt landbruk og tilleggsnæring:

<https://www.innovasjonnorge.no/seksjon/landbruk>

## Produksjonstilskot, regionalt miljøprogram, velferdsordningar og andre tilskotsordningar til landbruksføretak:

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/landbruk-og-mat/tilskot-innan-jordbruk-og-skogbruk/>

# FOTOKREDITT (KJEM)

# KJELDER

## Internasjonale rapportar og planverk:

- FN sine berekraftsmål  
<https://fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- EU sin strategi for berekraftige matsystem  
[https://food.ec.europa.eu/horizontal-topics/farm-fork-strategy\\_en](https://food.ec.europa.eu/horizontal-topics/farm-fork-strategy_en)

## Nasjonale rapportar og planverk

- Stortingsmelding 11: Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer i Noreg  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-11-20232024/id3028626/?ch=1>
- Regjeringa sin strategi for Matnasjon Norge  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/matnasjonen-norge/id2834496/>
- Ruralis sin rapport om rekruttering til landbruket  
<https://ruralis.no/prosjekter/rekruttering-til-landbruket/>
- Klimaavtalen for landbruket  
<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/miljo-og-klima/klimaavtalen-for-jordbruket/om-klimaavtalen-for-jordbruket>
- Samfunnsøkonomisk analyse av ringverknadane frå landbruket  
[https://www.bondelaget.no/levende\\_landsbygd/](https://www.bondelaget.no/levende_landsbygd/)

## Regionale rapportar og planverk

- Temaplan for landbruk 2023-2027 – Vestland fylkeskommune:  
<https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/bransjar-og-omstilling/landbruk/temaplan-for-landbruk-2023-2027/>
- Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert næring i Vestland – rapport frå NIBIO:  
<https://www.nibio.no/tema/landbruksokonomi/driftsgranskingar-i-jordbruket/verdiskaping-i-jordbruket>

- Arealbarometer for Vestland:  
<https://arealbarometer.nibio.no/nb/fylker/vestland/>

## Lokale rapportar og planverk

- Sunnfjord kommune si arealplan  
<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/areal-og-byggesak/arealplan/>
- Sunnfjord kommune si næringsplan  
<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/naring-landbruk-og-miljo/naring/naringsutvikling/>
- Sunnfjord kommune si plan for klimaomstilling:  
<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/naring-landbruk-og-miljo/klima/klimaomstilling/>
- Sunnfjord kommune sin tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket  
[https://sunnfjord.kommune.no/f/p1/iabf994a4-5d7c-472c-a471-74480ed87743/tiltaksstratgi\\_2020\\_2023.pdf](https://sunnfjord.kommune.no/f/p1/iabf994a4-5d7c-472c-a471-74480ed87743/tiltaksstratgi_2020_2023.pdf)
- Arealbarometer for Sunnfjord:  
<https://arealbarometer.nibio.no/nb/fylker/vestland/kommuner/sunnfjord/>





Sunnfjord  
kommune

